



**ÅRSMELDING
OG
REKNESKAP
2021**



Innhold:

1. INNLEIING	3
2. DRIFTSREKNESKAPEN	4
2.1 Resultatoversikt 2021	4
2.2 Resultatutvikling dei siste åra	5
2.2.2 Budsjett.....	6
2.2.3 Tertialrapportering	6
2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter	8
2.4 Frie inntekter frå staten.....	10
2.5 Momskompensasjon.....	10
2.6 Pensjon	11
2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar	11
2.8 Anordningsprinsippet	11
2.9 Sjølvkost.....	12
2.10 Langsiktig gjeld.....	14
2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift	14
3. INVESTERINGSREKNESKAPEN	15
3.1 Investeringar.....	15
3.2 Avslutting investeringsrekneskap	16
3.3 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering	17
4. BALANSEN.....	18
4.1 Kort om begrepa.....	18
4.1.1 Balanse	18
4.1.2 Omløpsmidlar.....	18
4.1.3 Kortsiktig gjeld.....	18
4.1.4 Langsiktig gjeld.....	18
4.1.5 Eigenkapital.....	18
4.1.6 Arbeidskapital	18
4.2 Likviditet	19
5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT.....	20
5.1 Rådmann – ansvar 100	20
5.2 Oppvekst – ansvar 200-280	23
5.3 NAV – ansvar 355.....	29
5.4 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360.....	30
5.5 Helse og omsorg – ansvar 400-450	31
5.6 Felles landbrukskontor Askvoll,Fjaler og Hyllestad – ansvar 510	38
5.7 Teknisk drift – ansvar 640.....	40
5.8 Brann og redning – ansvar 650	42
5.9 Bygg og eigedomsavdelinga-ansvar 660.....	43
5.10 Driftssentralen-ansvar 670	46
5.11 Finansielle føremål – ansvar 900	47
6. FINANSIELLE NØKKELTALL.....	49
7. LIKESTILLING – MANGFALD-DISKRIMINERING	50
8. FULLSTENDIGHEITSERKLÆRING.....	53
9. REKNESKAP	55
9.1 Noter.....	55
9.2 Økonomisk oversikt – drift §5-6	65
9.3 Løyvingsoversikt – drift §5-4, 1 ledd.....	66
9.4 Løyvingsoversikt – drift §5-4, 2 ledd.....	67
9.5 Løyvingsoversikt – investering §5-5, 1 ledd.....	68
9.6 Løyvingsoversikt – investering §5-5, 2 ledd.....	69
9.7 Balanse	71

1. INNLEIING

Årsmeldinga presenterer og analyserer kommunen si utvikling, spesielt dei faktorar som påverkar resultat og finansiell stilling.

Framstillinga skal hjelpe brukarane til å kunne vurdere kommunen si historiske og framtidige utvikling.

Askvoll kommune si årsmelding for 2021 tek i hovudsak føre seg den økonomiske sida av drifta. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar har vorte nytta, og ei forklaring der det er større avvik, samt økonomisk status pr. 31.12.21

Årsmeldinga vil seinare bli følgt opp med ein årsrapport som seier noko om trendar og utvikling av tenestetilbodet i kommunen. Årsrapporten vert lagt fram for kommunestyret i same møte som årsmeldinga.

Rekneskap og årsmelding er utarbeida i samsvar med kommunelova §14-6 og §14-7.

Informasjon ut over krava i kommunelova er å finne i årsrapporten. Dette for å skilje kva som er pliktig informasjon etter lov og forskrift, og kva som er ”anna” informasjon.

2. DRIFTSREKNESKAPEN

For fullstendig talmateriale sjå løyvingsoversikt §5-4, 1 og 2 ledd, og notar.

2.1 Resultatoversikt 2021

Økonomisk oversikt - drift §5-6	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap
	2021	2021	2021	2020
Driftsinntekter				
1 Rammetilskudd	138 891 612	141 448 000	137 748 000	137 597 945
2 Inntekts- og formuesskatt	93 436 153	85 472 000	80 972 000	80 392 698
3 Eiendomsskatt	7 721 663	7 779 000	7 779 000	7 071 129
4 Andre skatteinntekter	236 735	227 000	227 000	227 538
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	16 230 133	14 361 192	13 031 192	23 698 716
6 Overføringer og tilskudd fra andre	52 966 614	34 108 123	34 008 123	49 697 466
7 Brukerbetalinger	12 804 313	11 459 981	11 459 981	10 705 306
8 Salgs- og leieinntekter	20 781 862	20 756 124	20 756 124	27 224 560
9 Sum driftsinntekter	343 069 085	315 611 420	305 981 420	336 615 357
Driftsutgifter				
10 Lønnsutgifter	193 093 308	188 779 962	184 124 992	184 673 986
11 Sosiale utgifter	40 788 907	42 752 733	42 322 703	38 478 503
12 Kjøp av varer og tjenester	78 084 766	64 529 639	60 934 639	73 146 718
13 Overføringer og tilskudd til andre	16 496 316	14 656 269	13 888 369	18 010 751
14 Avskrivninger	14 771 501	14 500 000	14 500 000	14 239 354
15 Sum driftsutgifter	343 234 799	325 218 603	315 770 703	328 549 311
16 Brutto driftsresultat	-165 714	-9 607 183	-9 789 283	8 066 046
Finansinntekter				
17 Renteinntekter	708 804	653 000	553 000	796 597
18 Utbytter	1 879 271	1 500 000	1 500 000	2 510 152
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
20 Renteutgifter	3 679 487	3 700 002	3 400 002	4 339 334
21 Avdrag på lån	12 700 000	12 700 000	12 000 000	11 672 316
22 Netto finansutgifter	-13 791 412	-14 247 002	-13 347 002	-12 704 901
23 Motpost avskrivninger	14 771 501	14 500 000	14 500 000	14 239 354
24 Netto driftsresultat	814 375	-9 354 185	-8 636 285	9 600 499
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:				
25 Overføring til investering	-180 000	-180 000	-850 000	-801 721
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-955 257	1 469 285	1 069 285	-2 114 927
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	320 882	8 064 900	8 417 000	-9 072 923
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0	0	0	2 389 072
28 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
29 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-814 375	9 354 185	8 636 285	-9 600 499
30 Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk)	0	0	0	0

2.2 Resultatutvikling dei siste åra

(Tal i tusen)

År	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014
Brutto driftsinntekt	-343 069	-336 615	-315 807	-323 262	-297 172	-277 109	-260 229	-248 406
Utgifter inkl. avskrivningar	343 235	328 549	316 304	309 586	286 893	266 215	249 313	241 316
Brutto driftsresultat	166	-8 066	497	-13 676	-10 279	-10 893	-10 916	-7 090
Brt. Res. i % av brt. Driftsinntekt	-0,05	2,40	-0,16	4,23	3,46	3,93	4,19	2,85
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-2 588	-3 307	-2 931	-1 955	-2 202	-1 771	-1 756	-2 675
Mottekne avdrag på lån *	0	0	-48	-125	-114	-70	-79	-34
Sum finansinntekter	-2 588	-3 307	-2 979	-2 080	-2 316	-1 841	-1 835	-2 710
Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	3 679	4 340	5 449	4 039	4 375	4 134	4 477	5 355
Avdragsutgifter	12 700	11 672	10 823	10 150	9 920	9 110	7 955	7 828
Utlån *	0	0	9	82	24	108	44	160
Sum finansutgifter	16 379	16 012	16 281	14 271	14 319	13 353	12 477	13 344
Brutto driftsresultat	166	-8 066	497	-13 676	-10 279	-10 893	-10 916	-7 090
Finansinntekter	-2 588	-3 307	-2 979	-2 080	-2 316	-1 841	-1 835	-2 710
Finansutgifter	16 379	16 012	16 281	14 271	14 319	13 353	12 477	13 344
Motpost avskrivninger	-14 771	-14 239	-12 786	-12 029	-11 461	-11 156	-9 619	-9 438
Netto driftsresultat	-814	-9 600	1 013	-13 515	-9 737	-10 537	-9 893	-5 894
Nto. Resultat i % av brt. Driftsinntekt	0,24	2,85	-0,32	4,18	3,28	3,80	3,80	2,37
Netto driftsresultat	-814	-9 600	1 013	-13 515	-9 737	-10 537	-9 893	-5 894
Bruk av avsetningar	-3 210	-6 160	-9 034	-10 753	-9 206	-9 653	-7 896	-3 068
Avsetningar	4 024	15 760	5 459	20 572	11 270	12 496	10 386	3 868
Mindreforbruk **	0	0	-2 562	-3 696	-7 673	-7 694	-7 403	-5 094

*) F.o.m år 2020 skal sosiale utlån inngå i brutto driftsresultat, og ikkje i netto finansutgifter

**) F.o.m år 2020 skal ikkje rekneskapet vise mindreforbruk . Dersom ein har disposisjonsfond skal rekneskapet heller ikkje vise meirforbruk.

Tabellen over viser resultat utviklinga frå 2014 til 2021. I 2021 har Askvoll kommune eit netto driftsresultat på 0,8 mill. kroner i , noko som er 0,24% av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) har gjort beregningar som syner at netto driftsresultat for kommunane bør liggje på om lag 1,75 prosent av inntektene for at formuesbevaringsprinsippet skal vere oppfylt. Det vil seie at kommunen skal vere i stand til å setje av midlar til framtidig bruk og til eigenfinansiering av kommunale investeringar. Askvoll kommune sitt netto driftsresultat svingar, men låg i åra 2014 til 2020 over anbefalingane frå TBU, med unntak for 2019 og 2021. Stortinget oppretta eit havbruksfond i 2015, med første utbetaling i 2017. Utbetaling frå havbruksfondet svingar p.g.a auksjonar som er anna kvart år, dette er mykje av årsaken til det svake resultatet i 2019 og 2021. F.eks vart det i 2019 utbetalt 2,8 mill. kr., i 2020 vart det utbetalt 16 mill. kr og i 2021 vart det utbetalt 7,3 mill. kr.

I revidert budsjett var det budsjettert med vel 8 mill. i bruk av disposisjonsfond, her kunne ein stryke 7,7 mill. og resultatet vart kr. 320 882 i bruk av disposisjonsfond.

Oppsummering av meir/mindreforbruk pr. ansvar finn ein under punkt 2.2.4

I tillegg finn ein i kapittel 5 etatane si forklaring til meir/mindreforbruk.

2.2.2 Budsjett

Budsjett 2021 vart vedteke i balanse. Det vart vedteke å bruke kr. 8 667 000,- av disposisjonsfondet for å balansere det.

2.2.3 Tertialrapportering

Askvoll kommune har hatt to tertialrapporteringar i 2021.

1. tertialrapport viste eit meirforbruk i drifta og mindreforbruk på finansielle føremål.

Opprinneleg budsjett var «Korona fritt» dvs det vart ikkje budsjettert med utgifter til Korona eller kompensasjon. I revidert nasjonal budsjett for 2021 låg det inne kompensasjon for Koronapandemien til Askvoll kommune med 4,7 mill. kr. Prognosen for rammetilskot er da 3,2 høgare enn budsjettert og prognosen på skatt er 2 mill. høgare enn budsjett. Totalt viste KS sin prognose modell 5,2 mill. meir i skatt og rammetilskot enn budsjettert for 2021 og budsjettet vart vedtatt auka tilsvarende. Budsetjing av nye flyktingar viste auka statstilskot på ca. 1,6 mill. kr. og budsjetter auke vart tatt inn i budsjettet. Overføring frå drift til investering på 850 000,- for å finansiere eigenkapitalinnskot i KLP vart stroke fordi ein iflg strykningsreglane vil måtte stryke dette i årsoppgjeret, da ein har budsjettert med meirforbruk/bruk av disposisjonsfond.

Sentraladministrasjonen fekk auka budsjettet med kr. 880 000 som skulle dekke auka utgifter i forbindelse med busetjing av nye flyktingar i 2021. Oppvekst fekk auka ramma med 2 mill. kr. til å dekke ekstra kostnader i forbindelse med ressurskrevjande tiltak innan skulesektoren. Helse og omsorg fekk auka budsjettet med 1 mill. kr.- til å dekke ekstra utgifter i forbindelse med Korona. Teknisk drift fekk auka ramma til vegvedlikehald og bygg og eigedom fekk auka ramma til vedlikehald med 0,5 mill. kr

Avsetting til disposisjonsfond kunne som fylgje av desse endringane reduserast med kr. 2 270 000,-

2. tertial viste fortsatt meirforbruk i drifta og meirinntekter på finansielle føremål.

Skatteinntangen er fortsatt stigande og blir lagt inn i budsjettet med ein auke på 2,5 mill. kr.

Rammetilskot blir auka j.f prognosemodell av 02.07.21 med 0,5 mill. kr.

Budsjettert minimumsavdrag på lån blir auka med kr. 1 650 000,- Rentekostnad blir justert opp med kr. 300 000,- og renteinntektene justert ned med kr. 100 000.

Bruk av disposisjonsfond bør førast under ansvar 900 og ramma til oppvekst blir auka med kr. 600 000,- for å dekke vedtak i 2020 om innkjøp av læremiddeldet.

Bygg og eigdom si ramme blir auka totalt med kr. 970 000,- som skulle dekke kr. 300 000,- til vedlikehaldsløft/sommarjobb som var vedtatt bruk av disposisjonsfond, kr. 270 000 til justering av statstilskot flyktingar som no blir ført under ansvar 900 og kr. 400 000,- ekstra til forsikring, straum og vedlikehald. Driftssentralen si ramme blir redusert med kr. 200 000,- Resultatet av desse endringane er auke i bruk av disposisjonsfond der kr. 900 000,- er j.f tidlegare vedtak.


2.2.4 Resultat 2021 på ansvar :

Rammeområdet	Regnskap	Budsjett	Mindre/meirforbruk
Sentraladministrasjone/rådmann - ansvar 100	21 092 235	20 858 089	234 146
Oppvekstsjef - ansvar 200-280	86 938 011	84 211 736	2 726 275
NAV - ansvar 355	5 579 315	6 012 950	-433 635
Barnevern - ansvar 360	4 356 929	6 016 651	-1 659 722
Helse- og omsorg - ansvar 400-450	110 670 823	113 008 115	-2 337 292
Landbruksforv. for Askvoll/Fjaler/Hyllestad-ansvar 510	1 892 841	2 231 417	-338 576
Teknisk drift - ansvar 640	10 091 773	9 438 945	652 828
Brann og redning - ansvar 650	3 682 948	3 629 641	53 307
Bygg- og egedomsavdeling - ansvar 660	6 999 867	6 794 177	205 690
Driftssentralen - ansvar 670	5 072 085	5 379 755	-307 670
Sum drift ansvar 100-670	256 376 827	257 581 476	-1 204 649
Finansielle føremål - ansvar 900	256 376 827	257 581 476	1 204 649

Etatane si forklaring til meir/mindreforbruk finn ein under kapittel 5

2.3 Grafisk oversikt over driftsinntekter og driftsutgifter

Driftsinntekter:




Oversikta ovanfor syner Askvoll kommune sine driftsinntekter frå 2017 til 2021.

Totalt sett auka driftsinntekter med 6,5 mill. kr. frå 2020 til 2021.

Skatteinntektene har auke med vel 13 mill. kr, medan det er ein nedgang på 7,5 mill. kr i andre overføringar som for det meste skyldast havbruksfondet. Havbruksfondet som svingar mykje i utbetaling frå år til år. I 2021 fekk Askvoll kommune utbetalt 7,3 mill. kr frå havbruksfondet mot 16 mill. kr. i 2020. Andre salgs og leige inntekter har gått ned med 6,5 mill. kr. medan brukarbetalingar har auka med vel 2 mill. kr.

Rammetilskot og skatteinntekter utgjør 67,7 % av driftsinntektene i 2021.

Driftsutgifter:



Oversikta over viser Askvoll kommune sine driftsutgifter frå 2017 til 2021.

Løn og sosiale utgifter utgjer 68% av dei totale driftsutgiftene til kommunen i 2021.

Driftsutgiftene totalt auka med 14,7 mill. kr. frå 2020 til 2021, det er ein auke på ca 4,5%


Lønsutgifter inkl. sosialeutgifter står for det meste av auken og har auka med til saman 10,7 mill. kr. Kjøp av varer og tenester auka med 5 mill. kr. frå 2020 til 2021. Overføringer og tilskudd til andre har gått ned med 1,5 mill. kr.

Det er utgiftsført utgifter knytt til Korona med 3,2 mill. kr.

2.4 Frie inntekter frå staten

Frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. Frie inntekter er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene, og utgjer om lag 2/3 av kommunesektoren sine samla inntekter. Dette er inntekter som kommunane kan rå fritt over, utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og regelverk.

Rammetilskot og skatt:



Tabellen over viser endringar i rammetilskot og skatt frå 2017 til 2021.

Rammetilskotet auka frå 2020 til 2021 med 1,3 mill. kr, skatt auka med 13 mill. kr. Total auke var på 14,3 mill. kr. I rammetilskotet vart det kompensert for utgifter kommunane hadde til Korona. For Askvoll kommune utgjorde dette vel 6 mill. kr. derav 0,85 mill. i ekstra skjønnsmidlar.

2.5 Momskompensasjon

Frå og med 2004 har kommunane fått kompensert om lag all moms som vert betalt ved kjøp av varer og teneste frå andre. Mva kompensasjonen blir refundert frå skatteetaten anna kvar mnd. Askvoll kommune fekk refundert 7,1 mill. kr i driftsrekneskapet og 9 mill. kr. i investeringsrekneskapet i 2021.

2.6 Pensjon

Det er eit krav at alle tilsette i kommunar skal vere dekkja av ei tenestepensjonsordning i tillegg til folketrygda. Finansieringa av pensjonsordninga skjer dels ved innskot frå arbeidsgjevar og dels frå arbeidstakar.

Arbeidstakar sin del er 2% av brutto løn, medan arbeidsgjevar sin del i 2021 har vore 13,2% av brutto løn til KLP for fellesordninga og sjukepleiarordninga. Statens Pensjonskasse (SPK – lærarar) har vore utgiftsført med 8,32 %

Pensjonskostnadane vert berekna på grunnlag av forskrift fastsett av Kommunaldepartementet (endra med verknad frå 2005). Den enkelte kommune sin årlege innbetalte premie vert kopla til pensjonskostnadane ved utrekning av det årlege premieavviket. Dette kjem fram ved å trekke pensjonskostnaden og pensjonsleverandøren sine administrasjonskostnader frå premieinnbetalinga. Eit positivt premieavvik skal inntektsførast, medan eit negativt premieavvik skal utgiftsførast. For å jamne ut svingingane i pensjonskostnadane over tid, har Askvoll kommune til og med 2010 fordelt premieavviket over 15 år. Endringar i regelverket seier at amortiseringstida (tilbakebetalingstida) frå og med 2011 skulle vere 10 år, frå 2014 vart dette redusert til 7 år. For Askvoll kommune var det eit negativt premieavvik (utgift) inkl. arbeidsgjevaravgift på kr. 3 048 876,- for KLP, og positivt premieavvik (inntekt) kr. 598 501,- for SPK i 2021.

Fordeling av tidlegare års premieavvik over 7 år (amortisering) har medført ei utgiftsføring på 5 123 300,- kr. totalt inkl. arb.g.avg. for både KLP og SPK i 2021.

Premieavviket i 2021 er ført på teneste 17000 og fordeling av tidlegare års premieavvik er ført på teneste 17100, alt under ansvar 900 – finansielle føremål. Netto set ein igjen med ei utgift på kr. 7 573 675,- på desse to tenestene for 2021. Akkumulert premieavvik pr. 31.12.2021 er på vel 11,8 mill. kr. inkl. arbeidsgivaravgift. Sjå note nr.11

Premiefond er eit fond for tilbakeført premie og overskudd i KLP. Midlar frå premiefondet kan brukast til framtidige premiebetaling. Askvoll kommune brukte 19,6 mill. av premiefondet til å betale pensjonspremien i KLP i 2021. Sjå oversikt note i note 11.

Askvoll kommune har i 2021 betalt kr 724 750,- i eigenkapitalinnskot til KLP. Dette er utgiftsført i investeringsrekneskapen.

Totalt eigenkapitalinnskot i KLP pr. 31.12.21 er om lag 11,3 mill. kroner.

2.7 Tilskot ressurskrevjande brukarar

Utgifter knytt til ressurskrevjande brukarar er i 2021 ca 34 mill. kr og det er bokført kr. 15 371 000,- i refusjon frå staten.

Kommunen må sjølv bære kostnad opp til innslagspunkter som for 2021 var 1 470 000,- pr brukar, i tillegg til 20% eigendel. Staten si dekningsgrad er 80% av direkte lønnsutgifter som overstig innslagspunktet. For psykisk utviklingshemma som er 16 år og eldre, vert innslagspunktet auka med kr.768 000,- til kr.2 238 000

I tillegg står det i tildelingskriterie at dersom ein brukar premiefondet til å betale pensjonspremie, skal ein trekke ut den andelen av premiefondet som er knytt til ansatte som yter ressurskrevjande tenester. I 2021 utgjorde dette 2 mill. kr.

2.8 Anordningsprinsippet

Anordningsprinsippet seier at ”alle kjente utgifter/utbetalningar og inntekter/innbetalningar i året skal takast med i årsregnskapet for vedkommande år, enten dei er betalt eller ikkje når årsregnskapet avsluttast”.

I desember 2021 vart det gjennomført ekstra lønskøyringar for å få med t.d. reiserekningar og andre lønsutgifter som høyrer til 2021.

2.9 Sjølvkost

Det er gjennomført berekning av sjølvkost (etterkalkyle) for vatn, avlaup, feiing, private planer, byggesak, oppmåling og utsleppsløyve og tilsyn av mindre avløpsanlegg (ny) Sjølvkost berekninga er gjort av rådgjeverselskapet EnviDan AS

Gebyrfinansierte sjølvkosttenester Etterkalkyle 2021

Askvoll kommune har utarbeida etterkalkyler for gebyrfinansierte selvkosttenester i samsvar til "Forskrift om beregning av selvkost". Kommunen nyttar modellen Momentum Selvkost Kommune for berekning av sjølvkost.

Kva er sjølvkost:

Sjølvkost inneber at kommunens kostnader med å frembringe tenestene blir dekt av gebyra som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje høve til å tjene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart årlig rekneskap, utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostrekneskapen for det enkelte gebyrområdet. Elementane i ein sjølvkostkalkyle avviker frå kommunens ordinære driftsrekneskap på enkelte områder og dei to rekneskapene vil, som oppstillinga under viser, ikkje vere direkte sammenliknbare.

Elementa i ein sjølvkostkalkyle:

Samla sjølvkost:

- + Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
- + Indirekte driftsutgifter (adm. utgifter)
- + Kalkulatorisk rentekostnad
- + Kalkulatorisk avskrivningskostnad
- = Gebyrgrunnlag
- Gebyrinntekter
- = Sjølvkostresultat*

Driftsrekneskapen:

- + Direkte driftsutgifter
- Andre inntekter enn gebyrinntekter
- = Resultat før gebyrinntekter
- Gebyrinntekter
- = Driftsresultat (alltid større enn selvkostresultat)

Postane fins berre i sjølvkostkalkylen og utgjør m.a. sjølvkostområdenes bidrag til kommunekassens utgifter til renter og avdrag. Postane skal ikkje førest i driftsrekneskapen.

* Sjølvkostresultatet førest mot sjølvkostfond og/eller memoriakonti i balanserekneskapen.

I sjølvkostkalkylen inngår rekneskapsmessige driftsinntekter, driftsutgifter eksklusiv rekneskapsmessige avskrivningar, kalkulatoriske avskrivningar og rentekostnader, samt indirekte driftsutgifter (administrasjonsutgifter).

Kalkulatoriske kapitalkostnader:

Ved berekning av kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivningar og renter) skal framandfinansiering trekkast ut av berekningsgrunnlaget. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i kommunens driftsrekneskap, men representerer ein alternativ avkastning som kommunen går glipp av ved at kapital er bunda i anleggsmidler. Den kalkulatoriske rentekostnaden bereknast med utgangspunkt i anleggsmidlenes gjennværande sjølvkostmessige verdi og ein kalkylerente.


Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + 1/2 %-poeng. I 2021 var denne lik 1,956 %.

Indirekte driftsutgifter og handtering av over- og underskot:

Selvkostforskrifta fastset regler for henføring av relevante utgifter til administrasjon som kan inngå i gebyrgrunnlaget. Videre er det bestemt at eventuelle overskot skal avsetjast til bunda sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyrer i løpet av ein periode på fem år. Ein generasjon brukare skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadene ved tenestene som ytast i dag skal dekkes av dei brukarane som drar nytte av tenesten. Dette inneber at dersom kommunen har overskot som er eldre enn fire år, må dette i sin helhet gå til reduksjon av gebyrene det kommende budsjettåret. Eksempelvis må eit overskot som stammer frå 2021 i sin heilskap vere disponert innen 2026.

Krav om utarbeiding av kalkyler:

I tillegg til å utarbeide ein etterkalkyle for kvar betalingsteneste må kommunen utarbeide forkalkyler i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylene gir grunnlaget for kommunens gebyrsatsar. Ved budsjettering er det ein rekke usikre faktorer, herunder framtidig kalkylerente, utvikling av antall brukere og generell etterspørsel. I tillegg til å overhalde generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetjing om minst moglege svingningar i dei kommunale gebyra. Resultatet for 2021 var ikkje kjent ved budsjettarbeidet i fjor høst. Dette fører til avvik mellom prognoser i budsjettet for 2022 og etterkalkylen for 2021.



Samla etterkalkyle 2021

Etterkalkylene for 2021 er basert på rekneskap datert 18. februar 2022.

Etterkalkyle sjølvkost 2021	Vatn	Avløp	Feiing		Totalt
Direkte driftsutgifter	4.613.520	1.943.677	866.085		7.423.282
Avskrivningskostnad	1.084.677	368.283	13.126		1.466.085
Kalkulatorisk rente (1,96 %)	432.338	202.547	1.669		636.554
Indirekte driftsutgifter (netto)	155.822	97.471	28.304		281.596
Indirekte avskrivningskostnad	17.444	14.800	443		32.687
Indirekte kalkulatorisk rente	12.422	11.096	13		23.531
Driftskostnader	6.316.223	2.637.874	909.639		9.863.736
- Øvrige driftsinntekter	-194.102	-7.678	-12.691		-214.471
Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)	6.122.121	2.630.196	896.948		9.649.265
Gebyrinntekter	6.285.331	2.762.502	712.680		9.760.513
Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	163.210	132.306	-184.268		111.248
Finansiell dekningsgrad i %	103 %	105 %	79 %		101 %

Sjølvkostfond 01.01	509.719	933.078	575.714		2.018.511
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	163.210	132.306	-184.268		111.248
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	11.566	19.545	9.459		40.570
Sjølvkostfond 31.12	684.495	1.084.929	400.905		2.170.329

Etterkalkyle sjølvkost 2021	Private planer	Byggesak	Oppmåling	Utsleppsløys e og tilsyn av mindre	Totalt
Direkte driftsutgifter	206.816	525.526	638.298	3.731	1.374.371
Indirekte driftsutgifter (netto)	50.241	58.879	57.651	67	166.837
Indirekte avskrivningskostnad	16.421	16.588	16.571	1	49.582
Indirekte kalkulatorisk rente	13.028	13.033	13.031	0	39.091
Driftskostnader	286.506	614.025	725.551	3.799	1.629.881
+ Tilskot/subsidiering	286.506	0	155.858	0	442.364
- Øvrige driftsinntekter	0	0	-998	0	-998
Samla sjølvkost (Gebyrgrunnlag)	286.506	614.025	724.553	3.799	1.628.883
Gebyrinntekter	0	657.107	568.895	0	1.225.802
Sjølvkostresultat (Gebyrinntekter - gebyrgrunnlag)	-286.506	43.082	-155.858	-3.799	-403.081
Finansiell dekningsgrad i %	0 %	107 %	78 %		75 %

Sjølvkostfond 01.01	-0	0	-0	0	-0
-/+ Bruk av/avsetning til sjølvkostfond	0	43.082	0	-3.799	39.283
+/- Kalkulert renteinntekt/rentekostnad sjølvkostfond	-0	421	-0	-37	384
Sjølvkostfond 31.12	-0	43.503	-0	-3.836	39.667


Etterkalkylene for 2021 er utarbeida i samarbeid med rådgivningsselskapet Momentum Solutions, som har meir enn 18 års erfaring med sjølvkostproblematikk og bred juridisk og økonomisk kompetanse knytta til sjølvkost. Sjølvkostberegningssmodellen til Momentum, Momentum Sjølvkost Kommune, nyttast av fleire enn 300 norske kommuner.

2.10 Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld består av langsiktige lån (note 9) og pensjonsforpliktingar (note 11). Lånegjelda til Askvoll kommune består av eksterne lån til finansiering av investeringar (innlån) og lån til vidare utlån.

Total lånegjeld pr. 31.12.21 utgjer kr. 352 349 972,-

Diagrammet under viser prosentvisfordeling av lånegjelda (fordeling i kr. sjå note 9)



2.11 Forklaring til avvik på hovudoversikter – drift

Det vert i lita grad budsjetttert med sjuke- og fødselsrefusjonar i driftsbudsjettet. Dette forklarar 7,2 mill. kr. av avviket mellom budsjett og rekneskap for 2021 på overføringer og tilskudd frå andre. Det er og bokført vel 3 mill. kr meir i momskompensasjon enn budsjetttert, som er innteksført under overføringer og tilskudd frå andre. Momskompensasjon er utgiftsført tilsvarende under overføringer og tilskudd til andre. Sjå elles kvart ansvar sine kommentarar under kapittel 5.

3. INVESTERINGSREKNESKAPEN

3.1 Investeringar

Løyvingsoversikt - investering §5-5, 1 ledd	Rekneskap	Rev. budsjett	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2021	2021	2021	2020
Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)				
1 Investeringer i varige driftsmidler	63 361 016	73 324 245	89 733 000	36 489 314
2 Tilskudd til andres investeringer	2 100 000	2 100 000	1 500 000	1 380 000
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	904 750	905 000	850 000	801 721
4 Utlån av egne midler	0	0	0	0
5 Avdrag på lån	0	0	0	0
6 Sum investeringsutgifter	66 365 766	76 329 245	92 083 000	38 671 035
7 Kompensasjon for merverdiavgift	9 027 395	11 259 626	14 967 000	5 147 954
8 Tilskudd fra andre	12 747 116	12 954 117	12 306 000	2 047 197
9 Salg av varige driftsmidler	56 706	0	0	3 294 285
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0	0	0	0
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0	0	0	0
13 Bruk av lån	43 879 839	51 210 502	63 960 000	30 129 803
14 Sum investeringsinntekter	65 711 056	75 424 245	91 233 000	40 619 239
15 Videreutlån	4 767 086	5 000 000	3 000 000	1 650 000
16 Bruk av lån til videreutlån	4 817 906	5 000 000	3 000 000	2 011 829
17 Avdrag på lån til videreutlån	2 887 382	2 800 000	0	1 375 895
18 Mottatte avdrag på videreutlån	2 836 562	2 800 000	0	1 014 066
19 Netto utgifter videreutlån	0	0	0	0
20 Overføring fra drift	180 000	180 000	850 000	801 721
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne invest.fond	-250 040	0	0	361 700
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet invest.fond	724 750	725 000	0	-3 111 625
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	-172 893
23 Bruk av tidligere års mindreforbruk				172 893
24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger	654 710	905 000	850 000	-1 948 204
25 Fremført til inndecking i senere år(udekket beløp)	0	0	0	0

Askvoll kommune har gjennomført investeringstiltak/-prosjekt på til saman vel 66 mill. kr. i 2021. Dette er inkludert 2,1 mill. kr. som er overført til Askvoll sokn til investeringsprosjekt med kommunal finansiering. Av desse gjekk 2 mill. kr. til prosjektet «TilbyggVilnes kyrkje» og 0,1 mill. kr. til prosjektet «Rehabilitering Holmedal kyrkje»

Dei største prosjekta med bokførte utgifter over 3 mill. kr. i 2021 er:

Prosjekt	Namn	Beløp
1009	Omsorgsbustadar (PU)	30 036 235
1069	Kjøp av g.nr22 bnr. 194 (Sentrumsgarden)	8 966 247

Omsorgsbustadar prosjekt 1009 starta opp i 2017, oppføring av husa starta i 2021 og blir ferdigstilt i 2022. Sentrumsgarden prosjekt 1069 vart kjøpt i 2021 og vil bli ombygd i 2022.

Ombygginga blir ført som eit eige prosjekt.

Det blir levert byggerekneskap på desse prosjekt 1009 og 1069 i 2022.

Viser ellers til løyvingsoversikt §5-5, 2 ledd i årsrekneskapen der det er oversikt over alle prosjekta.

3.2 Avslutting investeringsrekneskap

Grensa for sluttrekneskap som skal leggest frå som enkeltsak for kommune styre er 3 mill. kr. Investeringsrekneskap på mindre enn 3 mill. kr som ikkje har store overskridingar, kan avsluttast i forbindelse med årsavslutninga.

Prosjekt under 3 mill. ferdig i 2021:

Prosjekt 1122 - Tank –veg-dustex

Vedtatt kostnadsramme	kr. 125 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad 2021	kr. 125 000,-
--------------	---------------

Prosjekt 1133 - Aksjar Lutelandet utvikling AS

Vedtatt kostnadsramme	kr. 180 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad 2021	kr. 180 000,-
--------------	---------------

Prosjekt 1140 – Uteområdet Askvoll skule

Vedtatt kostnadsramme	kr. 1 233 000,-
-----------------------	-----------------

Kostnad 2021	kr. 1 261 962,-
--------------	-----------------

Prosjekt 1141 – Oppgradering Gjelsvik skule

Vedtatt kostnadsramme	kr. 500 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad 2020	kr. 18 900,-
--------------	--------------

Kostnad 2021	kr. 458 329,-
--------------	---------------

Totalkostnad	kr. 477 229,-
--------------	---------------

Prosjekt 1159 – Ombygging/oppgradering Askvollheimen (2020-2021)

Vedtatt kostnadsramme	kr. 1 500 000,-
-----------------------	-----------------

Kostnad 2020	kr. 1 159 001,-
--------------	-----------------

Kostnad 2021	kr. 43 398,-
--------------	--------------

Total kostnad	kr. 1 202 399
---------------	---------------

Prosjekt 1162 – Nytt tak Askvoll skule

Vedtatt kostnadsramme	kr. 500 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad	kr. 413 805,-
---------	---------------

Prosjekt 1164 – Maskiner vaskeri

Vedtatt kostnadsramme	kr. 700 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad	kr. 777 014,-
---------	---------------

Prosjekt 1169 – Fornying veglys 2021

Vedtatt kostnadsramme	kr. 150 000,-
-----------------------	---------------

Kostnad	kr. 144 553,-
---------	---------------

Prosjekt 1170 - Asfaltering 2021

Vedtatt kostnadsramme	kr. 2 480 000,-
-----------------------	-----------------

Kostnad	kr. 2 635 062,-
---------	-----------------

Prosjekt 1176 – Olsetvikane tilrettelegging 2021

Vedtatt kostnadsramme	kr. 2 203 200,-
Kostnad	kr. 2 231 120,-

Prosjekt 1178 – IKT 2021

Vedtatt kostnadsramme	kr. 1 300 000,-
Kostnad	kr. 825 026,-

Prosjekt 1331 – Bøparken

Vedtatt kostnadsramme 2018-2021	kr. 2 435 000,-
Kostnad 2021	kr. 466 582,-
Kostnad 2018-2020	<u>kr. 2 150 580,-</u>
Total kostnad	<u>kr. 2 617 162,-</u>

Prosjektet starta 24.11.2016 med søknad om tilskot frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Prosjektet har skifta namn undervegs og fekk til slutt navnet Bøparken.

Det meste av arbeidet vart gjort i 2020. Prosjektet er finansiert med tilskot frå fylkeskommunen kr. 457 880, spelemidlar kr. 302 405, gåve frå Askvoll Vel kr. 199 455 og mva. kompensasjon kr. 897 953, totalt kr. 1 470 011,- Resten av kostnaden er finansiert med egne midlar (lån)

Prosjekt 1332 – Branntankbil

Vedtatt kostnadsramme	kr. 500 000,-
Kostnad	kr. 512 782,-

Dette gjeld ombygging av branntankbil innkjøpt i 2020 for kr. 898 000,-

Prosjekt 1333 – Ventilasjonsanlegg Røverompa barnehage

Vedtatt kostnadsramme	kr. 800 000,-
Kostnad	kr. 607 803,-

3.3 Forklaring til avvik på hovudoversikter – investering

Prosjekta i investering går over fleire år, sjølv om det er vedteke i budsjettet for eit bestemt år. Dette gjer til at det ofte blir avvik mellom inntekter/utgifter i budsjett og rekneskap. I desember 2021 hadde Askvoll kommune oppe budsjettendringsak av investeringsbudsjettet i kommunestyre. Der vart investeringsprosjekta justert etter prognose på utvikling av prosjekta ut 2021. Unyttar midlar på investeringsprosjekt som ikkje er avslutta i 2021 blir overført til 2022 j.f økonomireglementet punkt 4.

Det har ikkje vore praksis for å budsjettere på fleire utgiftskontoar innanfor same prosjekt. Dette genererer avvik innanfor dei ulike typane utgift i oversiktene då det på nokre kontoar er budsjettert meir enn forbruk medan det på andre ikkje er budsjettert. I tillegg er det ikkje budsjettert med avdragsutgifter og mottekne avdrag på formidlings/startlån da dette er transaksjonar som vert nulla ut ved årsavslutning. For å få korrekt bilde over kvart prosjekt i forhold til budsjett, må ein sjå på prosjektrekneskap som blir satt opp når kvart enkelt prosjekt er ferdig.

4. BALANSEN

Balansen er framvist både i ei hovudoversikt og med fleire detaljar i sjølve årsrekneskapen, i tillegg til obligatoriske notar.

4.1 Kort om begrepa

4.1.1 Balanse

I oversikta vedkomande nøkkeltal frå balansen vil ein finne dei viktigaste samanhengane når rekneskapen skal analyserast. Den inneheld opplysningar over bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12.

4.1.2 Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er det som til ei kvar tid er inneståande på bankkonto. Kortsiktige krav er ulike krav kommunen har som skal innbetalast på kort sikt, t.d. restansar på kommunale avgifter, ulike refusjonar frå stat, fylke og frå private som enno ikkje er betalte.

4.1.3 Kortsiktig gjeld

Den kortsikte gjelda i kommunen er postar som skal betalast på kort sikt, t.d. skattetrekk, feriepengar og diverse kreditorgjeld bokført pr. 31.12.

4.1.4 Langsiktig gjeld

Dette er alle langsiktige lån som kommunen har teke opp til finansiering av kommunale investeringar, dvs. kommunen si lånegjeld.


4.1.5 Eigenkapital

I eigenkapitalen ligg det som er avsett til fond og udisponert/udekka overskot/underskot frå tidlegare år. Resten er endring i rekneskapsprinsipp og kapitalkontoen, som er å sjå på som ein motkonto vedkomande unytta lån, aktivering av eigedomar med meir.

4.1.6 Arbeidskapital

Arbeidskapitalen er det som er tilgjengeleg i omløpsmidlane fråtrekt den kortsikte gjelda. Ein kjem då fram til kva som er likvide driftsmidlar inkl. unytta lån og fond.

Utvikling i arbeidskapital frå 2017 til 2021 – sjå og note 1 i rekneskapet



4.2 Likviditet

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Likviditetsgrad 1	1,50	1,45	1,27	0,87	0,96	0,95	1,24	1,53	1,48	1,73	1,59	1,88	1,98
Likviditetsgrad 2	1,00	0,82	0,54	0,25	0,36	0,28	0,50	0,89	0,83	0,99	0,99	1,24	1,05

Likviditetsgrad 1= omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>2

Denne bør vere større enn 2, fordi nokre av omløpsmidlane kan vere lite likvide, dvs vanskeleg å gjere fort om til kontantar.

Likviditetsgrad 2= mest likvide omløpsmidlar/kortsiktig gjeld>1

Mest likvide omløpsmidlar er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som raskt kan gjerast om til kontantar. Denne bør vere større enn 1

Tabellen syner at likviditeten til Askvoll kommune har blitt betre dei siste åra. Dette kjem av at kommunen har hatt overskot i drifta dei siste åra og som resultat av dette har meir pengar på bankkonto pr. 31.12.

5. AVVIK MELLOM REKNESKAP OG BUDSJETT

5.1 Rådmann – ansvar 100

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-7 355 282	-3 975 900	-10 249 497
Utgifter	28 447 516	24 833 989	30 417 697
Sum rådmann	21 092 234	20 858 089	20 168 200

Rekneskapen 2021 for ansvar 100 viser eit samla overforbruk på kr.234.146,- i høve til revidert budsjett.

Noko av grunnen til overforbruket skuldast at inntekter som var budsjettet ved bruk av disposisjonsfondet, vart strokne i samband med rekneskapsavsluttinga.

Det er elles overforbruk på teneste 12050 – fellesutgifter som skuldast stor auke i lisensutgifter, men og kostnaden med rapporten frå Telemarkforskning.

Flyktningadministrasjonen måtte aukast i samband med mottak av flyktningar sommaren 2021, dette vart utegløymt i samband med 2. budsjettrevisjon og tenesta har overforbruk i høve til budsjettet.

Auka utbytte frå SFE og Sogn og Fjordane Holding har vore med å redusere overforbruket. Tabellen over viser auka inntekter i høve budsjettet på om lag 3 mill i høve til revidert budsjett. Inntektene kjem mellom anna frå brukarfinansiering til breiband i Førdefjorden med 1 mill, tilskot til Bua med 0,4 mill, koronamidlar til næringslivet med 0,4 mill. Midlane er brukte til føremålet eller sette på bunde fond i påvente av utbetaling.

Tabellen under viser forholdet mellom budsjett og rekneskap.

Teneste		Rekneskap 2021 Nettoutgift/inntekt for kvart tenesteområde	Revidert budsjett 2021
10000	Politisk styring	2 243 272	2 311 558
10100	Tilskot politiske parti	72 396	60 000
10020	Ungdomsråd	23 889	36 708
10070	Regionråd	63 987	57 500
10090	Kommunal vigsel	0	10 000
11050	Revisjon	499 875	617 000
11051	Kontrollutval	210 596	295 966
12010	Administrativ leing	3 431 668	3 482 138
12020	Økonomiforvaltning	3 403 702	3 350 629
12040	Tillitsvalde	247 123	311 740
12050	Fellesfunksjonar og fellesutgifter	2 118 840	1 305 400
12053	Interkommunalt IKT-samarbeid	2 152 941	2 027 859
18000	Diverse fellesutgifter	208 970	200 000
18070 /18080	Fellelsråd for eldreråd og mennesker med nedsett funksjonsevne	40 570	51 069
23110	Ungdomsatsing	60 672	35 000
23301	Folkehelsekoordinator	430 943	438 730
24220	Flyktningadministrasjon	1 142 807	625 290
27500	Introduksjonsordninga	877 397	769 892
32000	Kommunal næringsverksemd	-2 206 363	-1 750 000

32500	Tilrettelegging for næringslivet	273 000	273 000
32510	Turistinformasjon Visit Fjordkysten og Visit Askvoll	312 860	506 000
32520	Næringsutvikling	455 459	408 119
36000	Naturforvaltning / friluftsrådet	265 278	273 000
36500	Kulturminnevern	118 244	112 000
38000	Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	110 000	140 000
38510	Kulturkontor	415 601	420 532
38530	Støtte til frivillige lag og organisasjonar	48 023	96 000
38550	Kulturvern og arkiv – kystmusèet	93 203	90 000
38551	Bygdebøker m.m.	14 326	40 878
39000	Den norske kyrkja	3 808 000	3 808 000

Kommentar til nokre av postane.

10000 – Politisk styring

Tenesta viser eit mindreforbruk på kr.68.286,-.

11050 – Revisjon

Tenesta viser eit underforbruk som skuldast tilbakeføring av midlar på grunn av reduserte utgifter på drifta av Vestland revisjon.

12010 - Administrativ leing

Tenesta viser eit mindreforbruk på kr.50.470,-

12020 Økonomiforvaltning

Økonomiforvaltninga har eit meirforbruk på kr.53.073,-

12040 Tillitsvalde

Det har vore mindre frikjøp av tillitsvalde enn budsjettert, noko som gjev eit mindreforbruk på kr. 64.617,-

12050 Fellesutgifter

Her vert ført utgifter til frankering, medlemsavgift til KS og fellessystem som KF-personal mm.

Tenesta viser eit stort overforbruk som særleg skuldast auka lisensar og kontingentar, men og utgifter til rapporten frå Telemarksforsking på om lag kr.200.000,-

18000 Diverse fellesutgifter

På denne tenesta vert det ført utgifter til m.a reiseforsikring, opplæring og kurs/leiarsamlingar.

24220 Flyktningadministrasjon

Flyktningadministrasjonen var sterkt redusert ved inngangen av året ved at to tilsette, grunna lite aktivitet, var omplassert til Nav og til Helse og omsorg.

Ressursen vart noko styrka på våren og budsjettet tilsvarande auka i samband med 1. tertialrapport.

Ved busetting sommaren 2021, vart dei omplasserte tilbakeført til tenesta, men det vart utegløymt å justere budsjettet i 2. tertial. Tenesta har difor eit vesentleg meirforbruk i 2021.

32000 Kommunal næringsverksemd

Her er ført aksjeutbytte frå SFE med om lag 1,1 mill og frå Sogn og Fjordane Holding med omlag 0,77 mill.

I tillegg er inntekter frå fallelige frå SFE i Stongfjordvassdraget med kr.327 092,- ført her.

32500 Tilrettelegging og bistand for næringslivet

Her var det avsett kr.500.000 til nærings- og infrastrukturtiltak. Konesjonsavgifta kr.236.735,- som er øyremerka til næring eller samfunnsutvikling vert inntektsført på denne tenesta.

Nettoutgifta er i tråd med budsjettet.

Håkon Loftheim

Rådmann

5.2 Oppvekst – ansvar 200-280

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-20 183 269	-14 960 309	-20 534 775
Utgifter	107 121 280	99 172 045	95 074 426
Sum oppvekst	86 938 011	84 211 736	74 539 651

Generelt

Kommunestyret vedtok i k-sak 103/20 ei ramme for oppvekstetaten sitt samla budsjett for 2021 på 77 527 000 kroner. I 1.tertialrapport, k-sak 033/21, vart budsjetttramma til Oppvekstetaten auka med 2 000 000 kroner for å dekke utfordringane med ekstra ressurskrevjande tiltak innan skulesektoren, og etter 2. tertial fekk ein auka ramma med 600 000 kroner for å kompensere for innkjøp av nye læremiddel, jfr budsjettvedtak for 2020. Ut over dette vart det i løpet av 2021 ikkje gjort andre endringar på etaten si budsjetttramme, unnateke tillegg for lønsauke, både sentral og lokal og justerte pensjonskostnader som vart lagt til ramma i siste halvdel av budsjettåret. Ved utgangen av 2021 var difor den samla budsjetttramma til oppvekstetaten på 84 211 736 kroner.

Det rekneskapsmessige meirforbruket for ansvar 200-280 er på totalt 2 726 274 kroner, noko som utgjer eit meirforbruk på vel 3,2 % i høve totalbudsjett. Sjølv om ein i utgreiinga nedanfor forklarar grunnane til meirforbruket, er dette eit sluttresultat ein slett ikkje er nøgd med.

I 2. tertialrapport skreiv underteikna at *sjølv om ein framleis er litt usikker på korleis kostnader knytt til tiltak for einskildbarn, både i eiga teneste og gjennom kjøp frå andre, vil påverke sluttrekneskapen, ser drifta per i dag ut til å vere innanfor etaten si samla ramme etter at denne vart auka etter 1. tertial*. Rekneskapsresultatet som no føreligg synar at ein dessverre hadde for dårleg kontroll på den økonomiske utviklinga i etaten. 2021 vart eit år med mange saker og tiltak som har vore både ressurs- og tidkrevjande, og oppfylgjing av desse har nok gått ut over fokuset på budsjettkontroll. Det er likevel atterhaldet i kommentaren til 2. tertialrapport som også utgjer ein stor del av grunnlaget for overskridinga. Auken i ramma etter 1. tertial dekkar nok inn mykje av kostnadane med ekstratiltaka vi sette i verk på eigne skular, men truleg med noko underdekning i høve tiltaka på ansvar 210.

Auka utgifter	Område	Auka inntekter	Område
6 412 321	Løn inkl sos. utg. • om lag likt fordelt mellom vikar- og fastløn • av dette om lag 1.100.000 meir til busetjing og 450.000 til korona	2 980 304	Refusjon sjukeløn og foreldrepengar
		1 475 057	Andre refusjonar og statstilskot • I hovudsak frå staten til vidareutdanning lærarar, norskopplæring, budsetjing av flyktingar, ulike tilskot knytt til fagfornyninga og koronasituasjonen, samt refusjon frå andre kommunar
1 803 790	Kjøp av tenester • frå kommunar • frå andre	- 180 383	Brukarbetaling • i hovudsak mindre inntekter frå foreldrebetaling i barnehage

Som det går fram av tabellen ovanfor er det ei stor utgiftsauke til ressurskrevjande tiltak for barn der vi kjøper tenester (i hovudsak spesialundervisning) frå andre, både frå privat skule og tiltak i andre kommunar, som utgjør om lag halvdelen av overskridinga (om lag 1,3 millionar). Nokre av desse tiltaka var nye frå hausten 2021, medan eitt eksisterande tiltak vart meir ressurskrevjande sidan ein måtte auka bemanning rundt eleven frå starten av nytt skuleåret. Dette, saman med auka utgifter til nye tiltak både i barnehage og på skule i samband med busetjing av nye flyktningar (om lag 1,1 millionar), og ekstra utgifter til forsterka reinhald og bemanning på SFO på grunn av korona (om lag 0,45 millionar) forklarar det meste av meirforbruket som etaten har hatt.

Som i 2020 utgjør også i 2021 refusjon sjukeløn om lag 4,1 millionar kroner, noko som åleine tilsvarer 6-7 årsverk som det må skaffast vikar for kvar dag gjennom heile året. I tillegg kjem fråvær i arbeidsgjevarperioden og eigenmeldt fråvær som ein ikkje får refusjon for, og fleire einingar melder om auke i korttidsfråværet. Sjukefråvær er difor framleis ei stor utfordring for etaten, og dette vert nærare gjort greie for i årsrapporten.

Rekneskapsresultatet for kvart ansvar syner at einingar har eit meir- eller mindreforbruk i varierende grad i høve revidert budsjett, og nedanfor vert det frå kvart område/ansvar gjort kort greie for kva som har ført til avvik frå budsjettet.

Avvik pr. ansvarsområde

Ansv	Ansvar (T)	Rekneskap	Rev.budsj	Avvik i kr.
200	Oppvekstsjef	8 818 261	8 307 201	511 060
210	Rektor Askvoll skule	26 392 844	24 776 964	1 615 880
211	Rektor Atløy skule	8 718 254	8 684 103	34 152
212	Rektor Bulandet skule	7 135 969	7 521 213	-385 245
213	Rektor Gjelsvik skule	8 011 268	8 043 132	-31 864
250	Rektor Askvoll kulturskule	1 357 304	1 478 749	-121 445
271	Styrar Røverompa barnehage	9 342 167	8 035 032	1 307 135
272	Styrar Nipa barnehage	4 325 868	4 298 383	27 486
273	Styrar Gjelsvik barnehage	3 704 756	3 712 498	-7 743
274	Styrar Holmedal barnehage	4 983 091	5 133 599	-150 508
276	Styrar Bulandet barnehage	3 103 347	3 060 814	42 533
280	Biblioteksjef	1 044 882	1 160 049	-115 167
		86 938 011	84 211 736	2 726 274

200 Oppvekstsjef

- På grunn av nokre svært ressurskrevjande tiltak vart utgiftene til kjøp av opplærings- og spesialpedagogiske tenester frå andre langt høgare enn budsjettet – om lag 1 200 000 kroner.
- Utgiftene til skuleskyss vart omlag 160 000 kroner mindre enn budsjettet.
- Ein lønspost avsett til faste tilsette (ekstra) på 250 000 har ikkje vore brukt.
- Ein del tilskotsmidlar er inntektsført på dette ansvaret samstundes som utgiftene til føremåla er ført på dei ulike ansvara i etaten.

210 Askvoll skule

- Samla sett ligg rekneskapen for ansvar 210 Askvoll skule og vaksenopplæring , vel 1 600 000 kr over budsjettet.
- Ansvar 210 har hatt ein del ekstra utlegg med Covid-19, som er merka med prosjekt 8111. Dette gjeld først og fremst ekstra lønsutgifter til assistent på SFO, forsterka reinhald og reinhaldsartiklar, samla utgifter på 425 000 kr.
- Vi har to ressurskrevjande tiltak i ein klasse ved skulen, der det er tre ekstra personar inne; vernepleiar i 60 % stilling og to pedagogar i til saman 200 % stilling. Dette utgjer til saman 1 600 000 kr.
- I 2021 hadde vi 17 framandspråklege elevar ved skulen, der seks av desse kom hausten 2021, og kunne då ikkje snakke norsk. Det vart sett inn ein ekstra pedagog for å kunne gje dei norskopplæring. Kostnadane for dette utgjer ca 270 000 kr.
- I tillegg har vi to elevar vedtak om særskild norskopplæring etter § 2-8. Dette utgjer 10 t/v, og kostnadane er ca 300 000 kr. Desse timane kjem i tillegg til dei 380 timane som er sett av til styrking av klassar med framandspråklege elevar.

211 Atløy skule

- Kommentar til teneste 20200: Skulen fekk auka ramma for hausten 2021. Desse ekstra kostnadane kom hovudsakeleg av tre ressurskrevjande tiltak som ikkje var budsjettert med. Tiltaka trengte ekstra bemanning, men også frikjøpt av personale til tid til møter og oppfylging av personale. Det kom også ekstra kostandar til bedriftshelsetenesta som måtte inn.
- Kommentar til teneste 21500: Særskilte behov kravde akutt-tiltak vår 2021 på SFO. Dette blei dekket med vikar for våren 2021. Haust 2021 fekk skulen auka ramme (teneste 20200), men det skulle også ha vore auka ramme på SFO der det også var behov for ekstra pga. særskilt tiltak som kravde fleire vaksne. Desse tiltaka har ført til overforbruk på 90 000 kr på SFO. Elles kjem overforbruket av det som ser ut som auke forsikring og arbeidsgivaravgift.
- Kommentar til teneste 22220: Gruskasse og kopi av nyklar var ikkje budsjettert, men heilt nødvendig å kjøpe inn. COVID reingjeringsmateriell har vi ikkje vore flinke å merke med prosjektnr, men det er også vanskeleg fordi det er vanskeleg å gjere i praksis, fordi det er vanskeleg å seie akkurat kva som aukar pga COVID og kva som er «vanleg bruk». Avgift frå vassverket har vi ikkje fått på mange år, difor var ikkje denne budsjettert. Leige til gymsalen har auka.

212 Bulandet skule

- Ansvaret har totalt eit mindreforbruk på vel 385 000 kroner som har tre hovudgrunnar:
 - meir inntekter frå sjukelønsrefusjon enn det ein har brukt av vikar – om lag 165 000 kroner.
 - mindre forbruk på driftspostane enn budsjettert – om lag 80 000 kroner
 - mindre utgifter til SFO sidan Bulandet barnehage tok over drifta av denne frå august – ei innsparing på om lag 72 000 kroner.

213 Gjelsvik skule

- Rekneskapen 2021 viser at Gjelsvik skule har brukt 99,60% av budsjettet. Dette utgjer eit «overskot» på 31 000 fordelt med eit mindreforbruk på 54000 på grunnskule og 35000 på SFO, og eit meirforbruk på 25 000 på drift og vedlikehald og 32 000 på leirskule

250 Askvoll kulturskule

- Kommentar til teneste 38300: Kulturskulen har hatt eit underforbruk på 109 402. Det er mykje grunna fastlønn som vart budsjettert med opning for at rektor som då var i permisjon kunne komme tilbake i si stilling. Dåverande rektor sa i staden opp stillinga og vi vidareførte samarbeidet med Hyllestad og Fjaler. Vi hadde haust 21 ikkje noko teatertilbod, så det bidrar også til litt mindre utgifter. Elles har det også i 2021 vore litt mindre aktivitet enn vi ynskjer grunna pandemien.
- Kommentar til teneste 23141: UKM gjekk i 2021 ikkje som normalt grunna pandemien og det vart digital mønstring ungdommane frå Askvoll deltok på. Derfor eit underforbruk på 14680.
- Kommentar til teneste 23100: Dans utan grenser var rett budsjettert og vi landa med eit lite overforbruk på 2637 kr. Aktiviteten der har gått som normalt siste del av 2021, men vi håpar på meir rekruttering i 2022.

271 Røverompa barnehage

- I starten av 2021 vart det som ei førebuing til å ta imot ei ny flyktninggruppe med fleire små barn, oppretta ei ny ny gruppe nede på småbarnsavdelinga. Ein pedagog i 100 % fast stilling vart flytta ned dit frå 1. mars 2021 pga. barna som skulle komme. Sidan det synte seg at flyktningane ikkje kom før i juli, tok vi frå 1. mars inn fleire barn som ville ha plass slik at vi kunne ha ein utvida avdeling til 12 plasser. Frå august 2021 måtte vi i tillegg opprette ei 100% stilling for å tilrettelegge særleg for eitt av dei busette barna. Difor har barnehagen i 2021 hatt om lag 600 000 kroner meir i lønsutgifter knytt til busetjing av flyktningar enn det som var budsjettert.
- Heilt frå 1. januar 2021 har vi hatt vikar for langtidssjukemelde, men dei har vore færre dette året enn det som var venta, noko som igjen gjorde at vi har fått mindre sjukelønsrefusjon frå Nav en det vi hadde budsjettert for i 2021. Samstundes har vi og hatt mykje meir korttidsfråvær dette året, og grunnen til dette større fråværet, kan nok i hovudsak tilskrivas Korona-situasjonen/ulike luftveissymptom.
- Vi har og hatt ei som har hatt fødselspermisjon og ho jobba til sept/okt og der var også eit overforbruk på fast løn som ikkje var i budsjettet.
- I år har vi starta med å kompensere for forskyvd arbeidstid når ein tilsett må bytte vakt på lang eller kort varsel på grunn av fråvær blant dei tilsette. Dette har også vore med å påverke at ein har fått noko høgre lønsutgifter enn vi hadde budsjettert.
- Vi har tatt inn nye barn løpende heile året og det ser ein att på auke i brukarbetalinga på over 300.000 meir enn budsjettert.
- Vi ser at det meste av overforbruket ligger på fast- og vikarløn. Året har vert prega av uforutsigbarhet og fleire ting som var vanskeleg å forutsjå når budsjettet vart laga.

272 Nipa barnehage

- Den budsjetterte brukarbetalinga var høgare enn det som vart betalt inn. Dette både fordi vi trudde at fleire skulle auke opp barnehageplassen sin etter nyttår og hausten 2021 enn det gjorde, og vi vart også førespørgja at det skulle starte fleire nye barn enn det som var realiteten. Det er og barn som etter kvart har fått redusert brukarbetaling og gratis kjernetid. Differansen mellom budsjettert brukarbetaling og rekneskap er 123844 kr.
- Vi har hatt ein pedagog som jobba frå midten av august til 1. okt før ho gjekk ut i svangerskapspermisjon. Dette var ikkje lagt inn i budsjettet i utgangspunktet. Vi får refusjon på 122 000 kr, same som vi har hatt utlegg på i lønn.
- Vi har hatt mange sjukmeldingar. Det er brukt 521 876 kr i vikarutgifter, men samstundes har vi fått 606 893 kr i sjukelønnsrefusjon frå folketrygda.

- På brukskontoane 11000 – 12500 hadde vi budsjettert med 127 900 kr, men har brukt 100408 kr.
- Vi har ikkje fått gjort så mykje vedlikehald på multihus og sklie som vi hadde planlagt, dermed er det ein differanse på ca 27 000 kr.

273 Gjelsvik barnehage

- Rekneskapsresultatet er samla sett godt i samsvar med budsjettet med eit forbruk på 99,8%, noko som utgjer eit mindreforbruk på 7 743 kroner.

274 Holmedal barnehage

- Rekneskapen syner eit positivt resultat på om lag 150 000 kr. Avvika skuldast i hovudsak:
- Sparte lønsmidler pga stilling i vakanse dei 2 første månadane av året. Noko vart dekkja ved å leige inn ekstrahjelp når vi fekk tak i. Den som vart tilsett frå 1.3 hadde lågare lønskostnad pga manglande kompetanse i høve det som var budsjettert.
- Høge vikarutgifter pga fleire langtidssjukemeldte. Manglande tilgang på vikar har gitt høgare refusjon på sjukeløn Lønsmidler til vurderar, konto 10500 har vore dekkja inn ved refusjon konto 17500.
- Refusjon i samband med vurdering har vore høgare enn utgiftene, dels fordi det ikkje har vore råd å få tak i vikar, men og fordi det har vore mindre utlegg til overnatting og køyring pga pandemien.
- Vi har gått i pluss på innkjøp av leiker og materiell fordi vi har brukt av det vi har hatt liggande og dels og fått overskotsmateriell og leikar frå bygdefolket.
- Av dei 70 000 i statsstøtte til vidareutdanning er det sett av 35 000 på bunde fond.
- Høgare utgift på uniformsgodtgjersle som skuldast reforhandling
- Auka kostnad på forbruksvarar grunna pandemien, dette gjeld både auka forbruk av eingongsmateriale som tørkepapir og eingongsstelloppapir framfor handkle, men og dirkte kostnader knytt til reinhaldsmiddel og desifeksjonsmiddel
- Auka kostnad på konto 11000 som er knytt til toonerkostnader.
- Vi har spart på utgifter til vedlikehald og investeringar, dels fordi det ikkje har vore tilgang på vaktmestertenester til å gjere naudsynt vedlikehald og dels fordi maskinene som syng på siste verset har halde dette året og.

Bulandet barnehage

- Eininga har totalt eit meirforbruk på vel 42 000 kroner. Sjølv om ein fekk inn langt mindre inntekter frå brukarbetaling enn forventa – om lag 175 000 kroner, gjekk drifta av sjølve barnehagetilbodet likevel med eit mindreforbruk på 39 000. Dette kjem først og fremst av større refusjonar inn enn det ein har brukt til vikarar (svært vanskeleg å rekruttere), men og mindre utgifter til fastløn enn budsjettert.
- På drift og vedlikehald av barnehagen gjekk vart det eit meirforbruk på om lag 25 000 kroner, i hovudsak på grunn av mindre refusjon sjukeløn enn budsjettert.
- Frå august 2021 har barnehagen drive SFO for skulen. Dette var ikkje budsjettert på eininga, og har gitt eit meirforbruk på vel 55 000 kroner, men på ansvar 212 Bulandet skule har ein hatt eit tilsvarende mindreforbruk til denne tenesta på om lag 72 000 kroner.

280 Biblioteksjef

- Askvoll bibliotek har vore stengt i tida 22.02. – 31.12.2021. Vi har i perioden brukt ressursar på samlingsutvikling, nødvendig kontorhald og noko inventar/utstyr.
- Vi har eit avvik pålydande kr. 115.167,-. I fylgje biblioteksjefen er det ønskeleg at deler av dette beløpet kan brukast til engasjement av ekstrahjelp i samband med gjenopning av (folke)biblioteket. Ekstrahjelpa vil få kassering som arbeidsoppgåve (tidkrevjande prosess), slik at hyllemeter blir frigjort til ny, akutell og allsidig litteraturen innkjøpt i 2021.

Kristen Holt
kommunalsjef oppvekst

5.3 NAV – ansvar 355

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-381 831	-657 900	-1 101 705
Utgifter	5 961 146	6 670 850	6 512 229
Sum NAV	5 579 315	6 012 950	5 410 524

Årsrekneskapen viser samla sett eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 433.000. Dette skuldast i hovudsak ein nedgang i utgifter til livsopphald for vanskelegstilte.

Kommentar til dei ulike tenestene:

12010 Administrativ leiding:

NAV- leiaren er statleg tilsett, og kommunen betalar sin del av utgiftene til staten. Det er kr 8.000,- til gode på tenesta.

24200 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid:

Denne tenesta omfattar løn og utgifter knytt til dei kommunalt tilsette og tilskot til krisesenter. Overforbruk løn på denne tenesta må sjåast i samanheng med underforbruk løn på teneste 28110. Samla sett er det likevel eit overforbruk.

24250 Sosialkontor (kontordrift):

Tenesta omfattar utgifter til kontordrift og reinhaldar. Rekneskapen viser eit overforbruk 50.000,- som kjem av innkjøp av nytt datautstyr og auka lisensar og porto på grunn av digitalisering.

24300 Råd, rettleiing og sosialt førebyggjande arbeid (rus):

Tenesta dekker utgifter og lønn til miljøarbeidarar. Utgiftene er i samsvar med budsjettet. Denne tenesta er overført til helse-og omsorg frå 01.01.22

27600 Kvalifiseringsordninga:

Vi hadde i starten av året to deltakarar i kvalifiseringsprogram. Desse vart avslutta før året var omme, den eine grunna overgang til arbeid og den andre overgang til statleg stønad. Det kom ikkje til nye søkjarar, og det er difor til gode kr 200.000,-.

28100 Ytelse til livsopphald:

Rekneskapen viser eit underforbruk på kr 440.000- samla på denne tenesta i høve budsjettet. Utbetalingar til livsopphald for vanskelegstilte er på totalt kr 1.424.000,-. Dette betyr at det har vore ein stor nedgang frå 2020 på om lag kr 900.000,-. Tal brukarar er redusert frå 76 i 2020 til 63 i 2021.

28110 Økonomisk sosialhjelp (flyktningar):

Kostnad til livsopphald på denne tenesta er kr 130.000,- høgare enn budsjettet.

Askvoll 08.03.22

Åse Rivedal Solheim

5.4 HAFS Interkommunale barnevern – ansvar 360

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-384 082	-195 000	-126 245
Utgifter	4 741 011	6 211 651	6 279 499
Sum Hafs barnevernteneste	4 356 929	6 016 651	6 153 254

Kommentar:

Teneste 24410 hadde eit mindreforbruk med kr. 828 143. Dette skuldast at barneverntenesta ikkje har vore fullt bemanna, samt hatt ein del sjukefråver. Dette har ført til innsparingar på drift.

Teneste 25100 syner eit meirforbruk på kr. 80 625. Dette gjeld ikkje-budsjettert lovpålagde tiltak som kom til.

Teneste 25200 har eit mindreforbruk på kr. 912 203. Dette kjem av to ting; eine er at tiltak kjøpt frå staten har vorte delvis fakturert på 2022. Det andre er at eit budsjettert tiltak har vorte avslutta tidlegare enn planlagt, noko som fører til innsparing på flerie kontoar.

Totalt har difor barneverntenesta eit mindreforbruk på 2021 med kr. 1 659 722.

Med helsing,

Silje Myklebust
barnevernleiar

HAFS interkommunale barnevernteneste

5.5 Helse og omsorg – ansvar 400-450

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-41 614 812	-30 512 471	-36 779 817
Utgifter	152 285 635	143 520 586	135 768 038
Sum helse og omsorg	110 670 823	113 008 115	98 988 221

Mindreforbruk : kr 2 337 292,-

Oppsett under syner meir-/mindreforbruk innan tenestene som ligg under ansvar 400- 450 : helse- og omsorgsetaten.

Avvik per ansvar :

	Rekneskap	Rev.budsjett	Avvik
400 Adm. Helse og	-13 633 691	-7 721 330	-5 912 361
410 Seksjon helse	18 769 961	18 732 860	37 101
420 Seksjon heimetenesta	18 602 489	18 909 214	-306 725
430 Seksjon bu- og miljøtenesta	28 333 920	24 665 718	3 668 202
440 Seksjon Askvollheimen 1	20 937 260	21 142 916	-205 656
450 Seksjon Askvollheimen 2	37 660 884	37 278 737	382 147
Totalt for ansvar 400 – 450	110 670 823	113 008 115	2 337 292

Kommentarar til mindreforbruk/forbruk innan helse- og omsorgsetaten for 2021 :

Ansvar 400 Administrasjon

Mindreforbruk kr 5 912 361,-

12010 : Administrasjon

Meirforbruk kr 29 603,-

23402 : Tryggleiksalarmar

Meirforbruk kr 125 291,-

Tenesta skal igrunn vere ei «nullsumteneste», der kommunen ikkje skal ha kostnader.

Meirforbruk skuldast kostnader knytt til installasjon av tryggleiksalarmar i omsorgsbustadane.

25300 : Helse- og omsorgstenester i institusjon

Mindreforbruk kr 1 202 790,-

Skuldast auka eigenbetaling på kr 1 168 000,-, meirforbruk på medikament, forbruksmateriell, innventar og utstyr og reparasjonar.

25400 : Helse- og omsorgstenester til heimebuande

Mindreforbruk kr 4 486 550,-

Skuldast auka refusjon særleg ressurskrevjande brukarar som vart **kr 4 371 000,-** meir enn budsjettert. Dette skuldast 2 brukarar som hadde auka kostnader knytt til drift av tiltaka.

Mangel av personell fordra meir bruk av vikarbyrå. Vi har og fått inn kr 282 000,- meir i brukarbetaling enn det som var budsjettert.

26110 : Drift og vedlikehald institusjonslokale

Mindreforbruk kr 22 086,-

26550 : Drift og vedlikehald kom. disp. bustadar

Mindreforbruk kr 34 267,-

Vurdering :

Mindreforbruk på kr 5 912 361,- for ansvar 400 er prega av kr 1 451 000,- meir enn budsjettert for 2021 i brukarbetaling. Dette heng saman med at det var fleire pasientar med langtidsopphald ved Askvollheimen enn det som var budsjettert.

Innrapportering særleg ressurskrevjande tenester (brukarar), :
Askvoll kommune hadde for 2021 budsjettert med kr 11 mill. i refusjon for særleg ressurskrevjande tenester, berekna refusjon for 2020 vert kr 15,371 mill.
Dette er kr 4 371 000,- meir enn budsjettert.

Samla sett er utgiftene til ressurskrevjande brukarar for 2021 i nærleiken av 34 mill. kr. Det er nokre brukarar som vi ikkje får refusjon for, grunna at dei ikkje kjem over innslagspunktet for refusjon. Desse vil gjerne komme over innslagspunktet for refusjon i dei næraste åra.

Det er brukt meir på medikament og lisensar enn det som var budsjettert.
Vi har brukt mindre på medisinsk forbruksmateriell enn det som var budsjettert.

Ansvar 410 Seksjon helse

Seksjonen totalt: Meirbruk på kr 37 101,-

23200 : Førebygging helsestasjon og skulehelseteneste

Mindreforbruk kr 3 472,-

23210 : Helsestasjon/skulehelseteneste

Mindreforbruk kr 70 097,-

Budsjettpost for avgifter, gebyr og lisensar er omlag dobbelt av budsjettert sum. Elles brukt mindre enn budsjettert på dei fleste andre postar.

23230 : Jordmorteneste

Mindreforbruk kr 16 100,-

Tatt inn meir refusjonar enn budsjettert, samt ubrukte kursmidlar.

23310 : Miljøretta helsevern

Mindreforbruk kr 20 869,-

Kostnaden til kjøp av tenester har vore mindre enn budsjettert.

23460 : Frivilligheits-/nærmiljøsentralen

Mindreforbruk midlar: kr 45 480,-

Vi fekk kr 20 000,- meir i tilskot frå staten, samt lite bruk av dei fleste budsjettpostane.

23461 : Volontørteneeste

Kr 22 154,- til fond. Det var ikkje nødvendig å ta inn noko frå oppvekst.

24110 : Legesenter

Meirforbruk på kr 886 928,-

Skuldast i hovudsak koronautgifter.

Ubrukte midlar til fastlønn – midlane brukt til kjøp av vikarlege.

Stor bruk av vikarutgifter pga sjukefråvær, hjelpepersonell, men kostnaden er dekkja ved sjukelønsrefusjon.

24110.320 : Helsehuset

Mindreforbruk kr 36 843,-

24130 : Lækjarvakt

Meirforbruk på kr 64 104,-

Skuldast meirkostnad til kjøp av teneste, SYS-IKL

24150 : Medisinsk nødmeldetjeneste

Budsjettpost på kr 10 000,- er ikkje brukt.

24160.379 : Fysioterapitjeneste

Mindreforbruk på kr 207 175,-

Ein av dei fast tilsette fysioterapeutane har hatt permisjon halve året, kostnad til vikar har vore lågare enn fastløn.

Generelt brukt mindre enn budsjettet, samt kr 37 859,- meir i refusjonar enn budsjettet.

24220 : Flyktningadministrasjon

Gjeld reinhald, kontor.

25300 : Helse- og omsorgstenester i institusjon

Her ligg ubrukne midlar på kr 226 287,-

Dette gjeld løn til tilsynslege som er ført her under ansvar 400.

Dette er nok ikkje retta opp i budsjettet då vi endra lønsføring.

25400.377 : Psykiatrisk sjukepleietjeneste

Mindreforbruk på kr 289 901,-

Skuldast i hovudsak langtidssjukmelding.

Tilskot til ruskonsulent 990 000,- er sett på fond.

Vurdering:

Meirforbruk på kr 37 101,-

Seksjon Helse, og spesielt legesenteret har hatt eit ekstremt travelt år. Ein har hatt redusert kapasitet på legesida, på same tid som Korona-pandemien har krevd svært mykje av alle tilsette. Det har vore brukt mykje overtid, og ein har fått redusert inntening frå Helfo grunna pandemien. Vi har mangla ein fastlege, noko som har medført bruk av vikarbyrå og innleige av lege. Vi har gjort ekstra innbetaling til interkommunal legevakt for inndekking av tidlegare meirforbruk. Felles for alle tenestene: Lite bruk av kursmidlar/opplæring og reiser. Seksjonen fekk tilført kr 600 000,- grunna utgifter til korona etter 2. tertialrapport.

Koronaavgifter 2021: Totale utgifter for seksjonen kr 1 184 731,-

Ansvar 420 seksjon Heimetenesta

Seksjonen totalt : mindreforbruk på kr 306 725,-

25400.000 : Askvoll/Holmedal/Atløy/Stongfjord/Kvammen

Mindreforbruk kr 189 091,-.

Har fått inn ein god del meir sjukelønsrefusjon grunna fleire langtidssjukemelde, og refusjon fødselspengar enn budsjettet. Grunna dette store fråværet er det brukt veldig mykje midlar på løn til vikarar og ekstrahjelp. Det har vore eit utfordrande halvår med stor mangel på vikarar, i tillegg til korona. Dette har ført til ein del meirarbeid på dei faste, noko som utgjør litt på

overtidsbruken. Ein har i 2021 hatt mange lærlingar i sisteåret, noko som har ført til større lønsutgifter enn budsjettert. Grunna dette fekk tenesta overført kr 400 000,- etter 2. tertialrapport.

25400.375 : Bulandet/Værlandet

Mindreforbruk kr 185 349,-

Fått inn meir refusjonar her og enn budsjettert. Elles har det vore roleg i øyane, som gjer at ein kan vere restriktive med innleige då ein klarar seg fint åleine på jobb. Sparar på helge- og høgtidstillegg, og at det ikkje er bemanning på alle dei raude dagane. Ein ser at ein god del av overskuddet dette året ligg på 375.

Vurdering:

Heimetenesta er ei teneste med varierende «trykk», men dei er flinke til å drive effektivt. Det har vore relativt høgt langtidsfråvær i periodar, og ein har fått inn meir refusjonar enn budsjettert. Ein har og hatt inne «rimelegare» personale i ein del av stillingane i turnus, enn det som er budsjettert. I periodar har ein hatt moglegheit til å ikkje leige inn vikarar ved vakanse. Samstundes har ein brukt mykje lønsmidlar på å utdanne lærlingar, som ein har hatt fleire av i Heimetenesta i 2021.

Ansvar 430 seksjon Bu- og miljøtenesta

Seksjonen totalt : Meirforbruk på kr 3 668 202,-

23410 : Avlastning/støttekontakt

Mindreforbruk på kr 218 601,-

Mindreforbruket er relatert til ikkje nytta avlastningsopphald og redusert utgiftsdekking grunna Covid-19 og eit avslutta kjøp av tenester for private. Det er og motteke ca kr 90 000,- i refusjon for sjukefråvær som det ikkje var budsjettert med.

23420 : Aktivitetssenteret

Mindreforbruk på kr 400 751.

Dette er knytt opp mot reduserte lønskostnader frå budsjett, og 60 000 som var budsjettert for leasing av bil som per no ikkje vert belasta tenesta.

25400 : Helse og omsorgstenester til heimebuande

Meirforbruk på kr 3 376 333,-

Dette er i all hovudsak knytt opp mot 2 prosjekt der ein kjøpar tenester frå private, 8250 og 8260. Kjøp av tenester frå private hadde eit meirforbruk på vel 5,4 millionar. Tenesta hadde samstundes eit mindreforbruk på 1 250 000kr på fast lønn og andre utgifter knytt til tilsette, samt 650 000kr meir i refusjon for sjukefråvær og fødselspengar. Høgt sjukefråvær har ført til mykje innleige av vikarar frå vikarbyrå.

25410 : Hjelp i avlastningsbustad

Meirforbruk på kr 508 103,-

Fast løn, lønn til vikarar og andre utgifter knytt til fast tilsette har eit underforbruk på kring 1 100 000kr, men kjøp av tenester frå private har eit overforbruk på kr 1 345 000kr, dette er vikar frå byrå. Tenesta har ikkje fått refusjonar frå private som budsjettert, så her ligg ei sprekk på ca 100 000kr. Det er og eit meirforbruk på straum på vel 40 000kr.

25460 : Omsorgsstønad

Meirforbruk på kr 267 687,-

Dette er grunna nye søknadar på omsorgsstønad ila 2021 som ein ikkje kjende til i forkant av året.

I tillegg har bu og miljøtenesta eit meirforbruk på vel kr 116 000,- knytt til helse og omsorgstenester i institusjon, dette er knytt opp mot vikarordninga der tenesta nytter vikarar frå sjukeheimen.

Vurdering:

Meirforbruk ved Bu- og miljøtenesta er i all hovudsak knytt til store kostnader ved BPA-prosjekt, og andre ressurskrevjande brukarar, der ein kjøper tenester av private aktørar. Dette har auka meirforbruket monaleg. Aktivitetssenteret har eit bra mindreforbruk grunna redusert aktivitet, med færre brukarar.

Ansvar 440 Askvoll omsorgssenter 1

Seksjonen totalt : mindreforbruk på kr 205 656,-

23400 : aktiviserings og servicetenester til eldre og personar med funksjonsnedsettelse:

Meirforbruk på kr 168 545,-

Meirforbruket er på fastlønn, lønn til vikar, samt forbruksmateriell til reingjering.

Dette jamnar seg ut med innsparingar på teneste 26100.

25300 : Helse- og omsorgstenester i institusjon:

Mindreforbruk på kr 736 291,-

Det har vert nokre omkonteringar på personale ila året (for å unngå bruk av mange identar på kvar person), så mindreforbruket her og på teneste 25400 jamnar seg nokolunde ut med meirforbruket på teneste 25415.

25400 : Helse- og omsorgstenester til heimebuande:

Mindreforbruk på kr 352 865,-

Det er overforbruk på overtidsløn samt løn til vikar/ekstrahjelp, men det jamnar seg ut med innsparingar på fastløn samt nokon av dei andre kontoane. Som nemnt over må underforbruket sjåast i samanheng med meirforbruk på teneste 25415.

25415 : Bufellesskap:

Meirforbruk på kr 849 069,-

Dette er i hovudsak knytt til fastlønn, vikarutgifter samt avtalefesta tillegg til vikar som ser ut til å ha vore underbudsjettet. Innsparingar på 25300 samt 25400 veg opp for overforbruket på denne tenesta.

26100 : Institusjonslokale

Mindreforbruk på kr 160 725,-

Det er i hovudsak mindreforbruk på fastløn, vakante stillingar samt nøktern innleige av vikar.

Vurdering:

Det har vore budsjettet med løn til fagarbeidar i dei vakante helgestillingane, men assistentar er mykje brukt. Tenesta har lagt under budsjetttramma om lag heile året, truleg mykje grunna lågt sjukefråvær på Smia/Fløyen/oms 2, som er den største utgiftsposten. Sjukefråværet har lagt stabilt på omlag 4% heile året på den avdelinga. Midlane vi får i samband med Legepilotprosjektet har dekkja mykje av kostnadane knytt til legevaktsatelitten.

Ansvar 450 Askvoll omsorgssenter 2
Seksjonen totalt : meirforbruk på kr 382 147,-

23400 : Aktiviserings- og servicetenester:

Meirforbruk på kr 7447,-

23401.371 : Matservering / matombering:

Mindreforbruk på kr 367 921,-, men kjøkkendriftinga er delt på fleire tenester og kom totalt ut med eit **mindreforbruk på kr 173 000,-**.

Bakgrunnen for dette er mindre vikarbruk enn budsjettert. Ein tilsett i 100% stilling har vore sjukemeld storparten av året, det er derfor kome inn ca 300 000 meir i sjukelønsrefusjon enn budsjettert. Det har vore vanskeleg å få inn vikarar, derfor er dette fråværet ikkje dekkja inn. Det har vore meir innkjøp av matvarer og overtidsbruk. Det er tydeleg at kok-server aukar kostnadane av matvarer. Overtidsbruken har samanheng med problem med å få inn vikar ved sjukdom.

25300 : Helse og omsorgsteneste i institusjon:

Mindreforbruk på kr 549 112,-

Det har vore stort mindreforbruk ved gruppe Kårstova grunna auka refusjonar knytt til sjukefråvær. Det har vore meirforbruk ved gruppe natt knytt til vikarbruk og overtid.

25400 : Helse og omsorgsteneste til heimebuande:

Meirforbruk på kr 596 310,-

Dette er bruk av vikarar i dei ulike tenestemråda som har si løn på denne posten.

25415 : Bufelleskap:

Meirforbruk kr 730 718,-

Dette fordeler seg med kr 294 764,- i meirforbruk på Solstova/Rask, og kr. 419 893 på Natt. Solstova/Rask har ei lang tid hatt eit stort sjukefråvær. Låg grunnbemanning har vore ei aktuell problemstilling som no er løyst med auka bemanning på dag og seinvakter. Det ser ut til å ha ei effekt på fråværet, men dette er tidleg å konkludere med. I tillegg har gruppa hatt ledige stillingar utan å få kvalifisert personell inn att. Dette har gitt eit stort overtidsbruk og kostadar til vikarbyrå.

Når det gjeld natt er overtid og vikarbyrå dei største utgiftene. Ved gruppe natt har vi hatt ledige stillingar og langtids sjukemelde som fører til stort overtidsbruk.

Tabellen under viser at kjøkkenet totalt sett gjekk med overskot på ca 170 000.

Natt (totalt) gjekk med eit underskot på om lag kr. 748 913. Manglande sjukepleiar i stilling på natt har medført større utgifter til vikarar, vikarbyrå og overtid.

	Kjøkken	Dag kveld	Natt	Vikarb yrå dag kveld	Vikar natt	Overtid d/k	Overtid natt
23401	-367 921					76 000*	
25300	214 055	-1 051 041	287 873	120 269	229 951	316679	115351
25400	-35 294	555 163	41 147		480 486	29229	205236
25415	16 060	294 764	419 893	8294	265 909	504454	132654
Sum	-173 100	-201 114	748 913				

*Samla overtid på kjøkkenet

Vurdering:

Ansvar 450 hadde eit meirforbruk på kr 382 000,- til tross av tilførte midlar på kr 1,5 mill. etter 1. og 2. tertial. Bakgrunn for dette ligg i svært stort sjukefråvær, der ein har nytta mykje vikarar, både frå egne rekke og frå vikarbyrå. Dette har og ført til mykje bruk av overtid. Det har ved Solstova/Rask vore nytta ekstra personell grunna låg grunnbemanning og korona. Det har og vore sjukefråvær og mykje vakanse med gruppe Natt, som også har gjeve dei same konsekvensane som i dei andre gruppene. Kjøkkendrifta har også vore prega av av fråvær, men ein har likevel handtert det på ein god måte, og har kome ut med eit fint mindreforbruk.

Totalvurdering av rekneskap 2021 for helse- og omsorgsetaten:

Mindreforbruket innan etaten skuldast i hovudsak 2 årsaker; det er betydeleg auka refusjonar knytt til ressurskrevjande brukarar og auka brukarbetaling frå langtidspatientar.

Etaten har likevel drive nøkternt, og redusert innleige av vikar ved sjukdom, permisjonar og anna fråvær, når dette har vore mogeleg.

Seksjon Helse har ilag med resten av etaten hatt eit ekstremt krevjande år grunna Korona-pandemien. Det har vore mykje bruk av vikarar og overtid grunna stort sjukefråvær og vakanse. Vi har greidd å handtere varierende behov innan Heimetenesta, der ein har hatt mykje oppfylgjing knytt til kreft- og lindrande behandling. Dei tilsette på «golvet» og leiarane har alle gjort ein stor innsats for å oppnå både gode tenester og eit godt rekneskapsmessig resultat.

Innan Bu- og miljøtenesta har det vore brukt mykje pengar og ressursar for å drifte enkeltprosjekt på ein forsvarleg måte. Det har vore store ekstrautgifter knytt til ressurskrevjande brukarar.

Ved Askvoll omsorgssenter 1, gruppe Smia/Fløyen/Omsorg 2 har det vore stabil drift, med fullt belegg heile året. Seksjonen har dei fleste korttidspatientane, noko som gjer til at det er stor endring i pasientmassen. Seksjonen har hatt svært lite sjukefråvær.

Askvoll omsorgssenter 2 har hatt eit svært krevjande år med stort sjukefråvær, og manglande tilgang på personell. Det har i tillegg vore stort press på tenestene, spesielt ved demensgruppa. Kjøkkenet har hatt heile året med 7-dagars drift, der all mat vert laga og servert fersk. Dette har vore svært gledeleg for pasientane og dei tilsette.

Helse- og omsorgsetaten fekk etter 1. og 2. tertial 2021 tilført kr 3 mill,-, noko som var knytt til korona-pandemien, reduserte inntekter og vikarleige ved legesenteret og store kostnader knytt til sjukefråvær innan etaten.

Helse- og omsorgsetaten har i 2021 hatt utgifter knytt til Korona på kr 2 439 000,-.

Ytterlegare kommentarar vil føreligge i årsrapporten for 2021.

Askvoll 15.03.2022

Stein Helle

Kommunalsjef helse og omsorg

5.6 Felles landbrukskontor Askvoll, Fjaler og Hyllestad – ansvar 510

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-4 090 172	-3 506 237	-2 342 763
Utgifter	5 983 013	5 737 654	4 126 943
Sum landbruksforvaltninga	1 892 841	2 231 417	1 784 180

Det vart oppretta felles landbruksforvaltning mellom kommunane Askvoll, Fjaler og Hyllestad, frå 01.08.2020, der Hyllestad var ny i samarbeidet. Fjaler og Askvoll har hatt felles landbrukskontor sidan 2007. Det er 5 stillingsheimlar, der det er budsjettert med 4,85 stilling i 2021, grunna vakans ved nyttilsetting i jan-feb. Askvoll og Fjaler dekker kvar 40% av kostnadane, og Hyllestad 20%, for drifta av det felles landbrukskontoret. 2021 er første heile rekneskaps-år for dei tre samarbeidskommunane. Kostnader for felles landbrukskontor, inkluderer ikkje veterinærtenester, viltforvaltning (viltfondet), og kostnader knytt til deltaking i Sunnfjord vassområde (vassdirektivet).

Kostnader Askvoll

Sum landbruksforvaltninga på kr 1.892.841 utgjør Askvoll kommune sin kostnad med drifta av den lovpålagte landbruksforvaltninga, kommunen sin del av kostnadane med vassdirektivet, skog/vilt, og kostnader med veterinærtenestene i kommunen.

Teneste 32940: Felles landbrukskontor

Det var eit mindreforbruk i høve budsjett på kr 242.922,-. Grovt rekna, så er omlag kr 100.000,- knytt til at 1 stillingsheimel stod vakant i perioden 01.08.-04.10 i 2021, i tillegg til sjukelønnsrefusjon. Covid-19 medførte at det vart vesentlig lågare reisekostnader, samt kostnader til kurs/ opplæring i 2021 (samla - 60.000,-). På inntektssida hadde ein auka mengde lovsaker, gjødselplanlegging, refusjonar for jegerprøveeksamen, som utgjorde om lag kr. 36.000. Dette skuldast truleg auka arbeidsmengde som følgje av at ein betener tre kommunar.

Teneste 32950: Skogbrukskontor

Det var eit mindreforbruk på kr -6.463,-. Det er kun kostnader knytt til kartabbonnement som er ført på tenesta.

Teneste 32960: Veterinærvakt

Det var eit mindreforbruk i høve budsjett på kr -95.432,-. Dette skyldast i hovudsak at ein for Askvoll veterinærvaktområde, fekk eit høgare stimuleringstilskot frå Statsforvaltaren, samanlikna med budsjett. Dette gav ei auka inntekt på vel kr 90.000,-. Tilskotet skal sikre veterinærdekning på dagtid i området med svakt næringsgrunnlag.

Teneste 36022: Viltforvaltning

For Viltfondet er det eit meirforbruk i høve budsjett på kr. 5.000.

Differanse mellom inntekter/ utgifter i rekneskap og revidert budsjett, i tabell over, heng i stor grad saman med at for Viltfondet er desse ført i rekneskapen, men ikkje budsjett, I tillegg til avvik forklart for dei øvrige tenestene.

Oppsummering kostnader Ansvar 510, LAFH

I 2021 hadde landbruksforvaltninga eit underforbruk i høve budsjett på kr 338.576,-. Avviket er i hovudsak knytt til Vakanse, høgare stimuleringstilskot til veterinærdekning, mindreforbruk knytt til reiser og kurs, samt auka inntekter ved samarbeid i tre kommunar. For øvrige forbruksposter er det i sum mindre avvik, men der ein har hatt høgare kostnader knytt

til annonsering ved utlysning av stillingar i 2021, oppgradering av Pc-utstyr, og kjøp av inventar til kontora ved tilsetting.

Samla vurdering

2021 har vore eit hektisk år, der ein mellom anna har tilsett 2 nye rådgjevarar, samt ny einingsleiar. Landbruksforvaltninga si vurdering er at innanfor dei ressursane som er brukt, så har etaten gjennomført dei oppgåvene som etaten er pålagt på ein forvaltningsmessig forsvarleg måte. Tilsvarende er det vurdert at veterinærtenesta har vore organisert og utført på ein tenleg god måte.

***Andre merknader**

Ved årsavslutning var samla kostnad for drifta av den felles landbruksforvaltninga i fylgje rekneskapen, kr. 4.197.117,-. Etter årsavslutning er det gjort justeringar for Konto; 10903, 10990, 11300 og 17100, som gav ein reduserte samla kostnad for drift av landbrukskontoret (teneste 32940) med kr. 31.407. Justert kostnad for den felles landbruksforvaltninga er slik **kr 4.165.710,-**. Endringa gjev ein reduksjon i berettiga refusjonskrav frå Fjaler og Hyllestad på høvesvis kr. 12.563,- og 6.281,-, **totalt kr.18.844,-**. I tabellen over er for mykje innbetalt refusjon med som inntekt i rekneskapen. **Sum landbruksforvaltning (Askvoll) skal etter korrigering av refusjonskrav være: 1.911.688 (utrekna under).**

Justert samla kostnad for landbruksforvaltninga i Askvoll:

32940 landbrukskontor:	kr 1.666.284,- (kr 4.165.710 x 40%)
32950 skogbrukskontor:	kr 31.537,-
32960 Veterinærvakt:	kr 172.626,-
36022 Viltforvaltning:	kr 0,-
36040 Vassdirektiv:	kr 41241,-
Sum:	kr. 1.911.688,-

Mvh.

Johannes Folkestad
Landbrukssjef

5.7 Teknisk drift – ansvar 640

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-1 523 214	-84 188	-1 325 466
Utgifter	11 614 987	9 523 133	16 326 349
Sum teknisk drift	10 091 773	9 438 945	15 000 883

Oppstilling av ansvar 640 – Teknisk drift:

Ansv	Tenest	Stad	Regnskap hit	Budsjett hitt	Avvik i NOK
	ALLE		10 091 773	9 438 945	652 827
640	Teknisk drift		10 091 773	9 438 945	652 827
640	Teknisk drift	12000 Administrasjon	2 157	5 067	-2 910
640	Teknisk drift	12010 Administrativ leiein	278 833	211 656	67 177
640	Teknisk drift	12050 Fellesfunksjonar og	4 876	0	4 876
640	Teknisk drift	12100 Forvaltningsutgifte	76 922	75 590	1 332
640	Teknisk drift	18000 Diverse fellesutgif	1 210	0	1 210
640	Teknisk drift	22220 Drift og vedlikehal	43 861	75 000	-31 139
640	Teknisk drift	26110 Drift og vedlikehal	1 745	0	1 745
640	Teknisk drift	30200 Byggesaksbehandl	70 245	70 589	-344
640	Teknisk drift	30205 Ureiningsmynde	3 731	0	3 731
640	Teknisk drift	30300 Kart og oppmåling	35 122	35 294	-172
640	Teknisk drift	32580 Næringsbygg	-2 620	-3 188	568
640	Teknisk drift	33000 Samferdsel og transp	12 452	703	11 749
640	Teknisk drift	33010 Hamnevesen	0	0	0
640	Teknisk drift	33030 Kaier	73 090	57 820	15 270
640	Teknisk drift	33200 Kommunale vegar	5 080	0	5 080
640	Teknisk drift	33210 Drift og vedlikehald v	4 284 249	4 566 806	-282 557
640	Teknisk drift	33211 Vintervedlikehald	956	0	956
640	Teknisk drift	33230 Veglys	537 608	430 571	107 037
640	Teknisk drift	33500 Rekreasjon i tettstad	86 535	61 212	25 323
640	Teknisk drift	33510 Parkar og grøntanleg	40 644	0	40 644
640	Teknisk drift	33520 Turvegar	2 748	0	2 748
640	Teknisk drift	33900 Beredskap mot brann	0	11 956	-11 956
640	Teknisk drift	34000 Produksjon av vatn	2 829 757	1 964 081	865 676
640	Teknisk drift	34500 Distribusjon av vatn	361 872	501 727	-139 855
640	Teknisk drift	35000 Avløpsreinsing	754 226	442 207	312 019
640	Teknisk drift	35300 Avløpsnett/innsamlir	447 125	825 973	-378 848
640	Teknisk drift	35310 Kloakknett	1 813	0	1 813
640	Teknisk drift	35320 Pumpestasjon for avl	11 774	0	11 774
640	Teknisk drift	35400 Tøming av slamavski	45 320	2 199	43 121
640	Teknisk drift	35500 Innsamling, gjenvinn	80 442	4 398	76 045
640	Teknisk drift	36040 Vassressursforvaltni	0	99 287	-99 287
640	Teknisk drift	38100 Kommunale idrettsby	0	0	0

Område med større avvik:

Administrasjon: Meirforbruk lik ca. 67.000,-.

Vegar: Mindreforbruk lik ca. kr. 280.000,-.

Veglys: Meirforbruk lik ca. kr. 110.000,-.

Grøntområde: Meirforbruk lik ca. kr. 65.000,-.

Vatn: Meirforbruk lik ca. kr. 725.000,-. Sjølvkostområde.

Tøming slamavskiljar: Meirforbruk lik kr. 45.000,-. Sjølvkostområde.

Renovasjon: Meirforbruk lik kr. 75.000,-. Sjølvkostområde.

Vassressursforvalt.: Mindreforbruk ca. 100.000,- (teneste 35400 og 35500).

Budsjettjustering 2 tertial:

Dette vart kompensert med tilførte midlar lik kr. 1,0 million i juni i K 033/21. Bakgrunn var store utgifter vinteren 2020/2021.

Vurdering:

I tertialrapport 2021 i september vart det vist til følgjande:

Kostnader med vatn (sjølvkostområdet) er blitt auka frå kr. 220.000 ved 1. tertial til ca. kr. 320.000. Drift har i perioden er i større grad blitt gjennomført med innleige.

Totalt har teknisk drift meirforbruk. Sjølv med tilførte midlar i juni månad må det vere nøkternt styring av budsjettet resten av 2021

Har holdt igjen noko midlar innanfor kommunal veg for å kunne dekke utgifter for å dekke meirforbruk på veglys og grøntområde som trong meir midlar.

Meirforbruk innanfor vassverk er auka noko som i stor grad skuldast auka innleige.

Området tvungen slamtøming og renovasjon er begge sjølvkostområde og er overtekne av Sunnfjord Miljøverk frå 01.01.21. Kommunen brukte noko arbeidsressursar i 2021 i samband med at SUM tok over sjølvkostområda renovasjon og tvungen slamtømming. Det er ikkje gjeve noko midlar frå for å dekke desse utgiftene. ‘

Samla avvik er kr. 652.827,- innanfor Teknisk Drift i 2021.

Askvoll 23.03.22

Per Jan Ryland

-Teknisk sjef-

5.8 Brann og redning – ansvar 650

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-1 187 954	-1 258 000	-974 541
Utgifter	4 870 902	4 887 641	4 464 074
Sum brann og redning	3 682 948	3 629 641	3 489 533

Aktiviteten i brann- og feiarvesenet har vore prega av koronasituasjonen.

Brannvesenet sin øvingsaktivitet har vore redusert grunna korona, og vart starta opp igjen med varsemd på hausten.

Eininga har eit meirforbruk i rekneskapen på kr 53.000 som skuldast i hovudsak vedlikehald/ombygging på branntankbil.

Mannskapstyrken i brannvesenet på 16 mannskap i Askvoll, og 6 mannskap på depota på Atløy, Værlandet og Kvammen, er stabil.

Brannvesenet hadde berre 12 utrykningar i 2021 (mot 23 og 13 dei førre åra).

Feiaren sitt arbeid har óg vore prega av koronasituasjonen, og smittevernstiltaka som har vore innført har ført til avgrensingar i arbeidet, både for bustadtilsyn og berre feiing av piper med tilkomst ute.

12. mars 2022

Bernhard Øberg
Brannsjef

5.9 Bygg og eigedomsavdelinga-ansvar 660

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-10 443 578	-8 943 300	-10 757 360
Utgifter	17 443 445	15 737 477	15 167 682
Sum bygge og eigedomsavd	6 999 867	6 794 177	4 410 322

Sum overforbruk: 205.690,-

Som det går fram av tabellen ovanfor vart inntektene og utgiftene til bygg- og eigedomsavdelinga høgare enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak midler til motkonjunkturtiltak i samband med koronautbrotet på 1.041.000 som vi fekk tilført og som vart nytta til utbetring av kommunale bygg.

Teneste 12010/12100 Administrativ leiing og Forvaltningsutgifter i eigedomsforvaltninga.

Desse tenestene hadde eit mindreforbruk på ca 56.000,- i høve til opphavleg budsjett.

Teneste 13000 Administrasjonslokale

Kostnader til drift og vedlikehald av administrasjonslokaler vart om lag 110.000,- høgare enn budsjettert. (ny automasjonsserver sd-anlegg rådhuset og nye vindauge kontor leiar for driftssentralen er hovudårsaken)

Teneste 22120 Drift og vedlikehald av barnehagar:

Det vart gjennomført utvendig måling av Bulandet og Holmedal barnehage av ungdommar som hadde sommarjobb. Budsjettet vart difor auka med 300.000,- frå disposisjonsfondet på denne tenesta. Samla for alle barnehagane vart det eit mindreforbruk på drift og vedlikehald på 122.000,-. Samla for alle 6 (7) barnehagane vart drift og vedlikehaldsutgiftene 927.000,-.

Teneste 22220 Drift og vedlikehald av skular

Samla for alle 4 skulane vart utgiftene til drift og vedlikehald ca 277.600,- større enn budsjettert, totalt 2.246.000,-.

Teneste 23420 Aktivitetssenter for funksjonshemma (Austli)

Her vart det eit mindreforbruk på 20.000,- på drift- og vedlikehald.

Teneste 24110 Legesenter

Kostnaden til drift og vedlikehald vart samla 48.000,- meir enn budsjettert, totalt 305.000,-.

Teneste 26100-26110 Drift og vedlikehald institusjonslokale

Det vart nytta 1.836.000,- til drift og vedlikehald av institusjonslokale, 496.000,- meir enn budsjettert. Av dette var 328.000,- byggtjenester, men straum og kommunale avgifter vart også noko høgare enn budsjettert.

Teneste 26550 Drift og vedlikehald av kommunalt disponerte bustadar

Det vart om lag 250.000,- i meirforbruk i høve til budsjettet på denne tenesta. Dette kjem av mindre husleigeinntekter enn budsjettert og noko større utgifter til vedlikhald enn budsjettert.

Teneste 38100/38110 Drift- og vedlikehald kommunale idrettsbygg

Det vart nytta 741.242,- til oppgradering/vedlikehald der 521.000,- vart dekkja av «motkonjunktur-tiltaksmidlar». Totalt vart det nytta 61.224,- meir enn budsjettert.

Teneste 38120 Drift- og vedlikehald kommunale idrettsanlegg ute

Det vart nytta 15.000,- til vedlikehald som budsjettert.

Teneste 32580 Næringsbygg

Dette gjeld Ekspedisjonsbygget på kaia, Heradsheimen, Basestasjon i Skjælia. Samla sett vart denne tenesta om lag om lag som budsjettert.

Teneste 30100 Plansaker

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 522.500,-. Det vart sett av 600.000,- til konsulenttenester i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og rulling av arealdelen. Då samfunnsdelen ikkje er ferdig enno, er arbeidet med arealdelen ikkje påbegynt. Reguleringsplanane det var tenkt å leige inn konsulenttenester til har vi ikkje kome skikkeleg i gang med. Det er difor ikkje nytta noko til konsulenttenester. Det var ikkje teke inn gebyr på plansaker i 2021.

Teneste 30200 Byggesakshandsaming og seksjonering

Gebyrinntektene vart ca 227.000,- høgare enn budsjettert, totalt 657.000,-. Det vart sett av 43.082,- på fond. Samla vart mindreforbruket på denne tenesta vart 181.000,-.

Teneste 30300 Kart og oppmåling

Samla vart det eit mindreforbruk på 31.000,- på denne tenesta. Gebyrinntekter vart om lag som budsjettert, totalt 569.000,-.

Teneste 37000 Bibliotek

I slutten av februar vart det oppdaga ekte hussopp under golvet i «Eventyrkroken» i biblioteket og i hjørnet mot svømmebasseng og garderober var det påvist grååtesopp. Budsjettramma vart difor i samband med 1.tertial auka med 500.000,-. Det vart nytta 449.000,- til drift og utbetring i samband med sopp. Vi har ikkje fått rekning på solskjerminga, som vart sett opp, på kr 106.000,- då denne ikkje vart heilt ferdig i 2021. Denne rekninga kjem i 2022. Difor vart det eit underforbruk i høve til revidert budsjett på denne tenesta.

Oppsummering 2021

Dei faste lønnskostnadene for heile ansvarsområdet vart noko høgare enn budsjettert (50.000,-).

Straumutgiftene vart 60.000,- høgare enn budsjettert (totalt 2.942.500,-). Dei kommunale avgiftene vart 72.500,- høgare enn budsjettert (totalt 1.512.500,-). Forsikringpremien for kommunale bygg vart om lag som budsjettert. (totalt 343.800,-, noko høgare enn tidlegare år).

Utgifter til vedlikehald, materiell til vedlikehald og inventar/utstyr utgjorde 3.783.000,-, i opphøveleg budsjett var det sett av 1.445.000,- til dette. Bygg- og eigedomsavdelinga fekk tilført 1.041.500 i samband med motkonjunkturtiltakmidlar, som vart nytta til utbetringar av kommunale bygg og vidare 620.000 etter tertialrapporteringane. Det vart likevel nytta **676.500,-** meir til vedlikehald/inventar og utstyr enn revidert budsjett.

Det vart nytta 480.000,- til service/vedlikehaldsavtaler og reparasjonar av bygningsteknisk anlegg (ventilasjon, heis, brannalarmanlegg ol) dvs 70.000,- mindre enn budsjettert.

Husleigeinntektene utgjorde kr 6.175.000,- ca 198.000,- mindre enn budsjettert. Det er ikkje betalt husleige for 1 husvære som er bebudd. Her har vi utståande over 50.000,-. Det var budsjettert med 40.000,- i tap på krav (i hovudsak husleigeinnteker), men det vart ikkje ført noko tap på krav i 2021.

Gebyrinntektene på byggesak, oppmåling og plan vart 156.000,- større enn budsjettert, samla om lag 1.226.000,-. Det vart ikkje teke inn gebyr for private planforslag.

I hovudsak skuldast meirforbruket at det vart nytta meir til vedlikehald enn budsjettert. For å halde budsjettet vart det etter 2. tertial bestemt at det ikkje vart utført meir vedlikehald anna enn det som var kritisk og det som vart tatt med i tertialrapporten. Etter ein sjekk av ventilasjonsanlegget ved Gjelsvik skule, såg vi at det var absolutt naudsynt med kanalrens her (97.000,-). Vidare måtte vi legg nytt tak på lavvoen til uteavdelinga ved Røverompa då det var lekkasje og danna seg mugg inne (64.000,-).

Liss Merete Lien
Bygg og eigedomssjef

5.10 Driftssentralen-ansvar 670

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-318 635	-100 000	-96 374
Utgifter	5 390 720	5 479 755	5 015 493
Driftssentralen	5 072 085	5 379 755	4 919 119

På Driftssentralen 670 er lønn og sosiale kostnader til alle operatørane førte, inkludert noko reinhald. Kostnadane er fordelt på dei ulike tenestene arbeide vert utført.

Vedlikehald og drivstoff knytt til ein bil under teneste 22220 (Drift og vedlikehald skule/barnehagar) er og førte her.

Driftssentralen hadde eit overskot på kr. 307 670,- i 2021. Dette skuldast at vi hadde ein del sjukemeldingar og det vart ikkje nytta vikar meir en 6 månadar. Korona situasjonen gjorde til at det vart gjennomført mindre kurs og reising. Det var og ei forsiktig bruk av andre driftsmidlar.

Driftssentralen ansette ein person til Bulandet vassverket ,kommunale vegar og eigedommar i Bulandet og Værlandet i 2021. Denne person dannar eit team med personell frå Driftssentralen i opplæringa og drifta av Bulandet vassverk, men grunna sjukefråvær og korona vart dette ei utfordring i 2021. Dette med tanke på å drifte vassverket.

Leiar Driftssentralen
Audun Strømmen

5.11 Finansielle føremål – ansvar 900

	Rekneskap 2021	Rev. budsjett 2021	Rekneskap 2020
Inntekter	-276 156 407	-277 607 800	-276 032 933
Utgifter	19 779 580	20 026 323	41 169 047
Sum finansielle føremål	-256 376 827	-257 581 477	-234 863 886

Teneste 17000 årets premieavvik/17100 amortisering premieavvik tidlegare år

Etter råd frå KLP vert pensjonsutgiftene budsjettert med netto pensjonsutgifter på den einskilde eining. Ved rekneskapsavslutning blir det gjort ei avstemming mellom premieavvik, amortisering, premiefondet og den faktiske pensjonskostanden. Premieavviket, (inkl. amortisering) og bruk av premiefondet blir då ført på ansvar 900, medan kvar einig sine pensjonskostnader ligg på einingane. Då både budsjett og rekneskap blir endra ved rekneskapsavslutning, er det ikkje råd å samanlikne med opphavleg budsjett. Revidert budsjett er tilnærma lik utgiftsføring av premieavvik og amortisering.

Teneste 17200-Pensjon

Iflg. KOSTRA skal tilskot sikringsordninga og adm. tilskot til SPK kr. 87 759,-førast på teneste 17200. Budsjettet er endra tilsvarende då desse kostnadane er ein del av total utgiftsføring av pensjon.

Teneste 17300 Premiefond

Iflg. KOSTRA skal bruk av premiefond (KLP) kr. 19 607 445 ,- førast på teneste 17300, motposten er pensjonskostnad som er fordelt på «driftsansvara» (100-670)

Premiefondet blir brukt til å betale ein del av pensjonskostnaden.

Det blir ikkje budsjettert med bruk av premiefond i opphavsleg budsjett, men blir lagt inn saman med premieavvik og amortisering ved årsavslutninga. «Meir inntekta» på premieavvik/amortisering og premiefond ligg på teneste 17300 med kr. 864 466 i forhold til endeleg budsjett.

Teneste 28320 Tilskot og formidlingslån til Husbanken

Som fylgje av avtale med Sparebanken Sogn og Fjordane , som forvaltar etableringslåna til Askvoll kommune, må vi betale for tenesta dei utfører. For 2021 utgjorde dette kr. 34 691,- eks mva . Det er betalt inn 29 659,- meir i renteinntekter frå lånetakarane enn Askvoll kommune har betalt i renteutgifter til Husbanken. Dette er med på å balansere tenesta. Tenesta var budsjettert til å gå i 0, men enda med eit meirforbruk på kr. 5 032,-

Inntekter/fond vatn og avløp

Inntektene frå vatn og avløp (VA) er ført på ansvar 900.

Inntektene vart kr. 9 047 833,- mot budsjettert kr. 9 000 000,- Dette gav meirinntekter på kr. 47 833,- I tillegg vart det avsett til bunde VA fond kr. 326 627,- dette fordelte seg på vatn med kr. 174 776,- og avløp kr. 151 851,- Avsetninga til fond må sjåast i samanheng med at vi i sjølkostrekneskapet ikkje får ta med oss fordelene vi får når vi brukar premiefondet til å betale pensjonskostnaden som er ført i «driftsansvara» Dette gir store utslag i 2021 når vi brukar vel 19,6 mill. mot 2,15 mill. i 2020. Resultatet er at kr. 242 696,- av pensjonskostnaden for vatn og kr. 151 558,- for avløp får vi ikkje føre i sjølvkostrekneskapet

Teneste 80000 skatt på inntekter og formue/84000 statleg rammetilskot

Skatteinngangen vart kr. 7 964 153,- betre enn revidert budsjett og vi fekk kr. 2 556 388,- mindre i rammetilskot. Samla for skatt og rammetilskot fekk Askvoll kommune kr 5 407 765,- meir i inntekt enn budsjettert. Kommunen har i budsjett og budsjettendringar i 2021 fylgt dei prognosane som kom frå KS, med unntak av siste endringa som kom etter 2. tertial.

Det vart innført eigedomsskatt i 2015 noko som i 2021 gav ei inntekt på kr. 7 721 664,- dette er 57 336,- mindre enn budsjett.

Askvoll kommune fekk utbetalt kr. 7 323 045,- frå Havbruksfondet i 2021, dette er 214 045,- meir enn budsjett.

Teneste 85000 Statstilskot vedrørande flyktningar

Det er innteksført kr. 3 203 850,- i statstilskot for 2021, dette er 203 850,- meir enn revidert budsjett. Opprinneleg budsjett på kr. 1 400 000,- vart auka i 1 tertial med kr. 1 600 000,- p.g.a mottak av nye flyktingar sommaren 2021.

Teneste 87000 renter/utbytte og lån

Renteutgifter kr. 22 905,- lågare enn budsjett.

Renteinntekter kr. 42 588,- meir enn budsjett.

Vekting av minste tillatte avdrag (jf. kommuneloven §50 nr. 7) viste at Askvoll kommune skulle betale kr. 12 658 555,- i avdrag for 2021. Utgiftsført avdrag i drifta er kr. 12 700 000,- noko som er lik revidert budsjett. Budsjetterte avdrag vart auke med kr. 700 000,- i forbindelse med budsjettendring i 2 tertial.

Statstilskot/investeringstilskot (rente kompensasjon) vart kr. 1 064 242,- og er om lag som budsjett.

Teneste 87000 totalt viser eit mindreforbruk på kr. 61 735,- i høve revidert budsjett.

Teneste 88000 interne finanstransaksjonar

Det var budsjetter og bokført kr. 180 000,- til investering som gjeld kjøp av aksjar i Lutelandet utvikling AS j.f Kommunestyre 65/21. Aksjane skulle finansierast med disposisjonsfond.

Renteinntekter på næringsfond, viltfond og tapsfond vart ført som avsetning til bundne fond med totalt kr. 13 060,- Dette var ikkje budsjett, men er lovpålagt.

Ilg. revidert budsjett skulle det brukast kr. 7 597 000,- av disposisjonsfondet under ansvar 900 i 2021 og 467 900 under ansvar 100. Da Askvoll kommune gikk med mindreforbruk vart bruk av disposisjonsfond stroke j.f strykningsreglane. Etter ny kommunelov gjeldane frå 2020 skal ikkje rekneskapet gjerast opp med mindreforbruk eller meirforbruk, men justerast mot disposisjonsfond.

